



Søknad om løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg

Søknadsskjema for avfallsanlegg

Dette skjemaet skal nyttast ved søknad om løyve til avfallsanlegg i Møre og Romsdal, til dømes

- anlegg for sortering, omlasting og lagring av ordinært og farleg avfall
- kompostering av organisk avfall
- mottak og behandling av kasserte køyretøy og fritidsbåtar
- mottak og sortering av EE-avfall
- mottak, lagring og behandling av forureina massar

Drift av deponi og forbrenningsanlegg er regulert i avfallsforskrifta. Skal du søkje om drift av denne typen anlegg, sjå eige [retteiingsmateriell](#) på Miljødirektoratet sine heimesider. Ta eventuelt kontakt med Statsforvaltaren.

Krav til innhald i søknad

[Forureiningsforskrifta § 36-2](#) lister opp krav til innhald i søknad om løyve. Ved å fylle ut dette søknadsskjemaet vil dei ulike punkta i § 36-2 vere dekkja.

[Forureiningsforskrifta § 36-3](#) set meir omfattande krav til innhald i søknad frå verksemder som er omfatta av [industriutsløppsdirektivet](#) (IED). Kva for avfallsverksemder dette gjeld går fram av punkt 5 i [vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kapittel 36](#). Søkjar må derfor først avklare om aktiviteten det skal søkast om er omfatta av IED. Sjå punkt 1.3. Ein del punkt gjeld berre for IED-verksemder.

Saksbehandling

Søknaden må i dei fleste tilfella på offentleg høyring, jf. [forureiningsforskrifta kapittel 36](#). Vanleg høyringsfrist er minimum 4 veker. Statsforvaltaren legg søknaden ut på offentleg høyring, på www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal og i minst ei avis, og ber om uttale frå kommunen. Søkjar betalar for kunngjeringa i avisa.

Vanleg tid for saksbehandling er 6-9 månader frå fullstendig søknad er mottatt.

Gebyr

Statsforvaltaren tek gebyr for arbeidet med løyve i samsvar med [forureiningsforskrifta kapittel 39](#) om gebyr til staten for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova.

Innsending av søknaden

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren på e-post til sfmrpost@statsforvalteren.no, eller til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde.

Spørsmål

Spørsmål i samband med søknad om nytt eller endra løyve til avfallsanlegg kan rettast til dei som jobbar med avfall hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Sjå:

<https://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal/Miljo-og-klima/Avfall-og-gienvinning/>.

1 Generell informasjon

1.1 Informasjon om verksemda

Namn på verksemda	<input type="text" value="Biolast AS"/>
Postadresse for verksemda	<input type="text" value="Ytrehornsvegen 8"/>
Postnr. og -stad for verksemda	<input type="text" value="6763 Hornindal"/>
Namn på anlegget	<input type="text" value="Vest Bio-Park"/>
Adresse for anlegget	<input type="text" value="Raudemel"/>
Telefon verksemd	<input type="text" value="99226132"/>
E-post verksemd	<input type="text" value="post@biolast.no"/>
Organisasjonsnr.	<input type="text" value="932483203"/>
Fakturaadresse	<input type="text" value="EHF: 832483203"/>

1.2 Kontaktperson

Kontaktperson	<input type="text" value="Erik Flo Flåten"/>
Telefon kontaktperson	<input type="text" value="99226132"/>
E-post kontaktperson	<input type="text" value="Erik@biolast.no"/>

1.3 Søknaden gjeld

- | | |
|----------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <input checked="" type="checkbox"/> Ordinært avfall | <input type="checkbox"/> Farleg avfall (vi gjer merksam på at anlegg for farleg avfall vil ha krav til finansiell sikring før eit løyve kan takast i bruk, jf. avfallsforskrifta § 11-18) |
| <input type="checkbox"/> EE-avfall | <input type="checkbox"/> Kasserte køyretøy og/eller fritidsbåtar |
| <input type="checkbox"/> Kompostering av organisk avfall | <input type="checkbox"/> Forureina massar |

-
- Nyetablering
- Endring av løyve (omfattar også mindre endringar som har vore diskutert med Statsforvaltaren tidlegare, men som enno ikkje er tatt inn i gjeldande løyve)
- Anna (spesifiser):

Kort samandrag av kva søknaden gjeld. Aktuelle prosessar bør skildrast nærare i vedlegg. Sjå punkt 17.

Biolast AS søker om løyve til å etablere anlegg for mottak av matavfall (kode 1111) på inntil 25 000 tonn årleg. Biolast planlegg eit nybygg som vert tilpassa denne type produksjon. Det vil bli anskaffa ei CE godkjent matavfallsmaskin som kverner matavfallet og sorterar ut restavfall. Matavfallet vert deretter tilsett vatn og blir då til eit substrat som skal transporterast vidare i væsketette containerar/tankbil til biogassanlegg. Restavfallet som vert sortert ut vert frakta til godkjent mottak.

Planlagt dato for oppstart/ending

Er verksemda omfatta av industriutsløppsdirektivet, jf. [forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg 1](#)? Ja Nei

Gjeld berre IED-verksemder: Skriv opp punkt i [forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg 1](#) som gjeld for verksemda

2 Lokalisering

2.1 Eigedom

Før opp eigedomen/-ane søknaden gjeld i tabellen under:

Gardsnr.	Bruksnr.	Eventuelle koordinatar (UTM sone 32)
203	22	Ø 371920.000 N 6875499.00

Kart skal leggest ved i målestokkane 1:50000 (der anlegget er merka av), 1:5000 og 1:000. Sjå punkt 17.

2.2 Avstand til naboar

Avstand (i meter) til næraste nabo

323 meter til næraste heilårsbustad, medan det er ca. 80 meter til næraste lagerbygg (eigd av Haugen maskin AS) og 230 meter til Vest Biogass AS.

Type nabo (heilårs-/fritidsbustad, sjukehus, barnehage, leikeplass, industri osv.)

2.3 Eksisterande bruk av eigedomen

Omtal eksisterande bruk av eigedomen

Vest Bio-park kjøpte nyleg eigedomen med Volda kommune. Eigedomen har eit samla areal på 30956m² og er ein del av industriområdet på Raudemel i Hornindal. Eigedomen er ikkje opparbeida.

3 Kommuneplan og reguleringsplan

I kommuneplanen er området sett av til

Industriformål

Området er i reguleringsplanen regulert til

Industri og lager

Nummer og dato for den vedtatte reguleringsplanen:

NasjonalarealplanID 1577_20080002
Dato 28-04.2021
Saksnummer 2020/5192

4 Om anlegget og drifta

4.1 Omtale av anlegget, arten og omfanget av verksemda og valt teknologi

Fyll inn «[Vedlegg til søknadsskiema til avfallsanlegg](#)» som de finn på Statsforvaltaren si nettside. Sjå punkt 17.

Detaljkart over anlegget i ca. målestokk 1:500 skal leggst ved. Der skal det gå fram kva som er tette flater (betong), fast dekke (asfalt), kva for område som er overbygd samt plassering av oljeutskiljar og avløp frå denne. Sjå punkt 17.

4.2 Driftstid

Kva er planlagt driftstid for verksemda? Fyll inn i tabellen:

Type dag	Tidsrom for drift (klokkeslett)
Kvardagar	Kl. 08:00 – kl.19:00

Kveld kvar dagar	Kl.19:00 - kl.20:00
Natt	
Laur dagar	0900 - 1700
Søndagar og heilag dagar	

5 Avfallstypar

Avfallstypar skal gå fram av «[Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg](#)» som de finn på Statsforvaltaren si nettside. Sjå punkt 17.

6 Energi

Omtal dersom det er relevant for verksemda. *Gjeld i hovudsak større prosessanlegg som er IED-verksemder.*

7 Utsleppskjelder

7.1 Avfallshandtering

Dersom det er andre utsleppskjelder frå avfallshandteringa enn det som går fram av aktivitetar i «[Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg](#)» som de finn på Statsforvaltaren si nettside, omtal dette her.

7.2 Transport

Gje nærare omtale av transport av avfall til og frå anlegget (einingar, storleik på einingar, frekvens, tid på døgn/veke, ev. miljøeffektar av transport, m.m.)

Avfallet vert transportert til og frå anlegget med vogntog i lukka containerar, eller på væsketett «walking floor» semitrailer, ca. 30 tonn pr. levering. 60 - 70 tonn pr. driftsdøgn mellom kl.08:00 til kl.20:00.

Sidan store delar av produsjonen er tenkt solgt til Vest Biogass som er nabo til anlegget vil dette ha stor miljøgevinst om vi ser på avstandane avfallet vert transportert i dag. Biolast kjem til å legge til rette for at leveransane til Vest Biogass kan verte levert gjennom røyrledning. Avtalene mellom desse verksemdene vert jobba med. Store mengder vil då unngå transport med lastebil.

8 Utslepp til luft, vatn og grunn

8.1 Utslepp til vatn

Fyll inn tabellen under, sjå forklaring til tabell under:

Kjelde	Utslepp av årleg mengde i kubikkmeter	Utslepp via/til ¹	Planlagt type reinsing	Vassdrag/sjø det blir søkt utslepp til	Er det gjort analyse av utsleppet? ²	Utsleppsgrense det blir søkt om ³
Prosessvatn ⁴	0	0	0	0	Nei	0
Avløpsvatn ⁵	100 m3	100 m3	Kommunalt reinseanlegg	0	Nei	100 m3
Forureina overvatn ⁶	0	0	0	0	Nei	0
Reint overvatn	20 000 m3 (ved flaumsituasjon)	Via eigen infiltrasjon på tomt		Hornindalvassdraget	Nei	
Spyle- og vaskevatn	0	0	0	0	Nei	0
Oljehaldig avløpsvatn	0	0	0	0	Nei	0
Kjølevatn	0	0	0	0	Nei	0
Kloakk større enn 50PE	0	0	0	0	Nei	0
Anna, spesifiser						

¹ Via eigen leidning, privat fellesleidning, kommunal avløpsleidning, kommunal overvassleidning, infiltrasjon i grunn eller tett tank.

² Dersom det blir søkt om utsleppsgrense for nokre parametar, legg ved vedlegg med informasjon om maksimal konsentrasjon det er søkt om. Sjå punkt 17.

³ Dersom det er gjort analyse, legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

⁴ Vatn som oppstår ved behandling av avfall som t.d. overskotsvatn frå kompostering.

⁵ Utslepp under 50 PE skal søkjast om til kommunen, jf. [forureiningsforskrifta kapittel 12](#).

⁶ Alt vatn som har vore i kontakt med avfall, overvatn frå trafikkområde og utandørs lagringsområde, skal reknast som forureina avløpsvatn.

Omtal kva utslepp til vatn inneheld og særleg om det inneheld helse- og miljøfarlege stoff

Der skal ikkje ha utslepp til vatn/elv eller avløpsanlegg frå prosessanlegg. Prosessvatn vert tilbakeført i produksjon, anna vatn i slukane som kjem av for eksempel spyling av container vert også tilbakeført i produksjonen. Slukar i bygg vil ikkje vere tilknytta utvendig rørsystem, men gå tilbake i prosessanlegg. Overflatevatn omkring anlegget vert ført til samleikum med stengeventil før infiltrasjon som eit konsekvensreducerande tiltak.

Omtal effekt av utslepp av vatn på vassdrag/sjø/grunn

Utsleppet vil vere av reint overvatn. Det planleggast med infiltrasjon av overvatn på eiga tomt som handterer overflatevatn. Dimensjonerande nedbør er 117 l/s, og det forutsettast infiltrasjon av dimensjonerande nedbør. Mengde utslepp av reint overvatn er sett ut ifrå to døgn med nedbør vesentleg over dimensjonerande nedbør.

8.2 Lukt

Er det venta at verksemda vil føre til lukt for naboar? Ja Nei

Dersom ja: Omtal kjelde til lukt og planlagde tiltak for å redusere lukt

Det er utført spredningsberegningar og utarbeida eigne rapportar for lukt.

Kjelde til lukt er matavfall i prosessanlegg, samt diffuse kjelder i forbindelse med dette.

Planlagt tiltak for luktbehandling er ein kombinasjon av fotokosidasjon, kolfilter og fortynning i skorstein.

Temaet er vidare omtala i eigne vedlegg.

Spreiingsanalysa har utgreia fleire alternativ. Det er scenarie 3 som kjem best ut for nærmiljøet, og det er denne plasseringa som er lagt til grunn.

Omtal venta tal på lukthendingar per månad

0-5 til verksemder på industriområdet, og ingen til heilårsnaboar. Ein gjer merksam på at dette gjeld for 99% av tida i henhold til TA3019/2013

Sjå [Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven, TA 3019/2013](#) for meir informasjon om lukt.

8.3 Støv

Er det venta at verksemda kan føre til støv for naboar? Ja Nei

Dersom ja: Omtal kjelde til støv og planlagde tiltak for å redusere støv

Andre utslepp til luft

Vil verksemda ha andre utslepp til luft? Ja Nei

Dersom ja: Omtal kjelde til utsleppet og planlagde tiltak for å redusere utsleppet

8.4 Støy

Er det venta at støy frå verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved næraste nabo vil overskride støygrensene i tabellen under?

Ja, alternativ A Ja, alternativ B Nei

Dersom ja for alternativ B: Legg ved støyutgreiing. Sjå punkt 17.

Alternativ	Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl. 19-23) $L_{pAekv4h}$	Laurdag (kl. 07-23) $L_{pAekv16h}$	Søn-/heilagdag (kl. 07-23) $L_{pAekv16h}$
A	55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)
B	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)

L_{pAeqT} er A-vege gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T viser midlingstida i timar.

L_{AFmax} , som er gjennomsnittleg A-vege maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

8.4 Støy – Vedlagt støyrapport «Biogassanlegg Hornindag støyfagleg vurdering til reguleringsplan, sweco 2020» vart utført like ved lokasjon for Vest Bio-Park. Anlegget i denne rapporten vart seinare flytta til I/L1. Rapporten er derfor dekkande og relevant for dette anlegget. Plasseringa av anlegget er lenger frå naboar enn i rapport. Vi bemerkar at største støykilde ved Vest Bio-Park er manøvrering tungt køyretøy (100dB) som er 10dB lågare enn støykilde lagt til grunn i rapport (110 dB). Ref 4.2 tabell 2

Støyutgreiinga må gjerast av konsulent med akustisk kompetanse og utrekningsverktøy for denne type utgreiingar. Dersom støygrensene blir overskridne, må utgreiinga vise forslag til avbøtande tiltak for å redusere støynivået (skjerming, anna plassering, mindre støyande utstyr, anna driftstid mv.). Støynivået etter at desse eventuelle avbøtande tiltaka er gjennomført, må reknast ut.

9 Miljøtilstanden i området der verksemda ligg

9.1 Vatn/sjø

Kort omtale av resipienten:

Syner til rapport frå Mulvik sist korrigerert 27.08.2020 «Planomtale – detaljregulering med konsekvens -utgreiing og ROS analyse, Mulvik 27.02.2020» Kap 6.3 , 7.3.4 og 7.3.9.

Rapporten finnst her: <https://www.volda.kommune.no/f/ia39dc602-9159-4a1c-85be-b4abf6699b91/raudemel-industriomrade-planomtale-med-konsekvensutgreiing83710.pdf>

Også vedlagt søknaden.

Er det gjort resipientundersøking? Ja Nei Legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

Er det gjort straumundersøking? Ja Nei Legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

9.2 Naturmangfald

Omtal naturmangfald som kan bli påverka av aktiviteten det er søkt om

Området ligg i tilknytning til Storelva og Hornindalsvassdraget. I naturbase er det registrert naturtype fossepåverka berg og fossesprøytsone i elva i nær tilknytning til der anlegget skal ligge. Det er ikkje registrert spesielle dyreliv eller fugleliv i nærrområde til anlegget. Dei næraste observerte registrerte punkt i naturbase er arten kvitryddspett og rosenfink.

9.3 Forureina grunn

Er det grunn til å tru at det kan vere forureina grunn under eller nær anlegget? Ja Nei

Dersom ja: Omtal nærare.

«Området er ikke registrert i databasen grunnforurensing over eiendommer med forurenset grunn» (Frå vedtaket til Vest Biogass) Saksnummer 2021/5690

IED-verksemdar har krav om tilstandsrapport som skal leggest ved søknaden. Sjå punkt 17.

10 Oversikt over interesser som aktiviteten kan få følgjer for

Omtal kjente interesser og aktivitetar i området. Eksempel på slike er: fritidsinteresser, motorsportanlegg, skøytebanar, verneområde, turstiar.

Ingen kjente interesser og aktiviteter anna enn industri.

11 Førebygging og tiltak for å avgrense avfall frå drifta

Omtal kva verksemda gjer for å førebygge og kva tiltak verksemda gjer for å avgrense avfall og auke gjenvinning av avfall frå drifta

Avfall frå administrasjonsdelen til drifta vil ha vanleg kjeldesortering etter kommunal standard.

12 Teknikkar som kan førebygge og avgrense forureining

Omtal kva for teknikkar verksemda brukar for å førebygge og avgrense forureining

1. Teknikkar for å hindre spreining av matavfall

Mottakanlegget vil vere eit lukka og overbygd anlegg. Alt av slukvatn og anna avrenning i anlegget vil gå tilbake i prosessanlegget, og vert ikkje leia ut av bygget.

Om ein kritisk ulykkessituasjon skulle oppstå ved drift av anlegget som medfører matavfall på avveie utomhus er det vurdert tiltak opp mot ein slik situasjon. Dette kan til dømes vere brudd i container inne på området ved manøvrering eller brudd i overføringssystem innomhus som medfører tømning av heile lagersiloen. Som det framgår av vedlegg 15 er ein slik situasjon særst lite sannsynleg, men tiltak er vurdert ut ifrå eit slikt «worst-case scenario»

Som konsekvensreducerande tiltak vil utomhusarealer vere asfalterte og lagt opp med eige overvassystem. Overvassystemet utomhus vert leia til ein samleikum med spjeld for avstenging. Dersom ei uønska hending skulle

oppstå stengast spjeldet for å hindre avrenning frå tomta og eventuelt avfall fjerna med sugebil.

Asfaltert uteareal vert opparbeida med fall inn til slukssystem slik at ikkje noko renner ut av dette arealet. På asfaltert areal kan det akkumulera om lag 1500 m³ før det stig over terskelen. Det vil seie at ein har sikkerheitsfaktor om lag 2,2 i forhold til største mengde matavfall som kan vere på anlegget til einkvar tid.

2. Teknikkar for å hindre spreining av luftforureining

Det lukka anlegget vert utstyrt med eit undertrykksanlegg med fotooksidasjon, kolfilter og skorstein. Undertrykket syter for at luft ikkje sig ut av bygget, og luftbehandlingsanlegget fjerner lukt frå avtrekkslufta i bygget.

Det etablerast sluse for inn/utkøyring for å hindre luktspreining ved manøvrering av portar.

Temaet er vidare utgreia i vedlegg.

3. Teknikkar for å hindre støyforureining

Bygget oppførast som isolert og tett bygg for å halde støyande aktivitetar skjerna. Tomt ligg noko senka i terrenget for å gi avskjerming.

IED-verksemder må dokumentere bruk av dei beste tilgjengelege teknikkane, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2. Det er venta at BREF som dokumenterer beste tilgjengelege teknikkar, kjem i 2018 eller 2019. Legg ved dersom aktuelt. Sjå punkt 17.

13 Program for utsleppskontroll (måleprogram)

Legg ved forslag til program. Sjå punkt 17.

14 Vedtak eller uttaler frå offentlege organ

Opplys om eventuelle vedtak eller uttaler frå offentlege organ som har fått saka til ettersyn

Det er sendt byggesøknad for råtomt til Volda Kommune. Denne er ved innsending av denne søknad ikkje besvart.

Innsendt søknad for råtomt vart sendt før spreingsberegningar var ferdige. Spreingsberegningane syner at det er fordelaktig å flytte bygget i forhold til omsøkt råtomt. Det vert derfor naudsynt med ny byggesøknad for aktuell tomt.

Søknaden slik den foreligger er ikkje sendt til uttale hjå offentlege organ.

15 Risikovurdering og konsekvensutgreiing

Risikovurdering av hendingar/aktivitetar som kan føre til forureining skal leggst ved. Sjå punkt 17.

Er det gjort konsekvensutgreiing?

Ja

Nei

Dersom ja: Legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

16 Anna

Andre fordelar og ulemper ved tiltaket

Tiltaket vil korte ned transportbehovet for matavfall i regionen og potensielt redusere dagens transportbelastning. Anlegget er lokalisert nært prosessanlegg for biogass og det vil trekkast gode synergjar med å vere samlokalisert med dette anlegget.

Ein av hovudårsakene til å etablere anlegget på Raudemel er å redusere transportbelastninga i forbindelse med matavfallet. Ein har vurdert plasseringa som særstategisk i forhold til transport av matavfall frå anlegga på Melsgjerdet, Bingsa, Hesjedalen, Årødalen, Sandane, Festingdalen og Saunesmarka. I dag vert mykje av tonnasjen frå desse anlegga transportert til Lillehammer eller Gøteborg. Etablering av eit anlegg på Raudemel vil føre til reduksjonar i klimagassutslepp og mindre belastning på vegnettet.

Om ein legg til grunn avstanden frå Raudemel til Lillehammer (320 km) og 20 000 tonn årleg vil dette utsleppet utgjere 232,1tonn CO2 ekvivalentar (miljødirektoratet.no)

For tilsvarande transport til Gøteborg (780 km) vil dette utgjere 565,6 tonn CO2 ekvivalentar

Potensialet ved ei avfallsmengd på 20 000 tonn vil vere på inntil 565,6 tonn CO2 ekvivalentar redusert utslepp.

17 Vedlegg

Nedanfor i tabellen er det lista opp aktuelle vedlegg:

17.1 Alle verksemdar skal ha desse vedlegga

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
2.1	Oversiktskart som viser lokalisering av anlegget, avstand til næraste nabo, bekk/elv og utsleppspunkt	17.1
4.1 og 5	Oversikt over avfallstypar og korleis dei skal handterast. Bruk « Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg » som de finn på Statsforvaltaren si nettside	17.2
4.1	Detaljkart som viser avgrensing av området, kvar på området dei ulike avfallstypane skal handterast og lagrast, type dekke, overvassleidningar, avløpsleidningar og eventuelle reinseanlegg	17.1
15	Risikovurdering	17.3

17.2 IED-verksemdar skal ha desse vedlegga også

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
9.3	<i>IED-verksemdar: Tilstandsrapport for forureina grunn</i>	N/A
12	<i>Eventuell dokumentasjon på bruk av dei beste tilgjengelege teknikkane</i>	N/A

17.3 Moglege andre relevante vedlegg, t.d.

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
1.3	Skildring av ulike prosessar/aktivitetar i anlegget	17.4
8.1	Utsleppsgrenser det blir søkt om og analysar av utslepp til vatn	Sjå 8.1
8.4	Støyutgreiing	17.5
9.1	Resipientundersøkingar og straumundersøkingar som er utført	17.6
13	Forslag til program for utsleppskontroll (måleprogram)	17.7
14	Vedtak eller uttale frå offentlege organ	N/A
15	Konsekvensutgreiing	17.6
12	Spredningsanalyse Vest Bio-Park	17.8
12	Luktrisikovurdering Vest Bio-Park	17.9
12	Teknologivurderingar Vest Bio-Park	17.10
	Prosedyremal for risikovurderingar - drift	17.11
	Visjon for Raudemel industriområde	17.12



Søknad om løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg

Søknadsskjema for avfallsanlegg

Dette skjemaet skal nyttast ved søknad om løyve til avfallsanlegg i Møre og Romsdal, til dømes

- anlegg for sortering, omlasting og lagring av ordinært og farleg avfall
- kompostering av organisk avfall
- mottak og behandling av kasserte køyretøy og fritidsbåtar
- mottak og sortering av EE-avfall
- mottak, lagring og behandling av forureina massar

Drift av deponi og forbrenningsanlegg er regulert i avfallsforskrifta. Skal du søkje om drift av denne typen anlegg, sjå eige [retteiingsmaterieill](#) på Miljødirektoratet sine heimesider. Ta eventuelt kontakt med Statsforvaltaren.

Krav til innhald i søknad

[Forureiningsforskrifta § 36-2](#) lister opp krav til innhald i søknad om løyve. Ved å fylle ut dette søknadsskjemaet vil dei ulike punkta i § 36-2 vere dekkja.

[Forureiningsforskrifta § 36-3](#) set meir omfattande krav til innhald i søknad frå verksemder som er omfatta av [industriutsløppsdirektivet](#) (IED). Kva for avfallsverksemder dette gjeld går fram av punkt 5 i [vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kapittel 36](#). Søkjar må derfor først avklare om aktiviteten det skal søkast om er omfatta av IED. Sjå punkt 1.3. Ein del punkt gjeld berre for IED-verksemder.

Saksbehandling

Søknaden må i dei fleste tilfella på offentleg høyring, jf. [forureiningsforskrifta kapittel 36](#). Vanleg høyringsfrist er minimum 4 veker. Statsforvaltaren legg søknaden ut på offentleg høyring, på www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal og i minst ei avis, og ber om uttale frå kommunen. Søkjar betalar for kunngjeringa i avisa.

Vanleg tid for saksbehandling er 6-9 månader frå fullstendig søknad er mottatt.

Gebyr

Statsforvaltaren tek gebyr for arbeidet med løyve i samsvar med [forureiningsforskrifta kapittel 39](#) om gebyr til staten for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova.

Innsending av søknaden

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren på e-post til sfmrpost@statsforvalteren.no, eller til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde.

Spørsmål

Spørsmål i samband med søknad om nytt eller endra løyve til avfallsanlegg kan rettast til dei som jobbar med avfall hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Sjå:

<https://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal/Miljo-og-klima/Avfall-og-gienvinning/>.

1 Generell informasjon

1.1 Informasjon om verksemda

Namn på verksemda	<input type="text" value="Biolast AS"/>
Postadresse for verksemda	<input type="text" value="Ytrehornsvegen 8"/>
Postnr. og -stad for verksemda	<input type="text" value="6763 Hornindal"/>
Namn på anlegget	<input type="text" value="Vest Bio-Park"/>
Adresse for anlegget	<input type="text" value="Raudemel"/>
Telefon verksemd	<input type="text" value="99226132"/>
E-post verksemd	<input type="text" value="post@biolast.no"/>
Organisasjonsnr.	<input type="text" value="932483203"/>
Fakturaadresse	<input type="text" value="EHF: 832483203"/>

1.2 Kontaktperson

Kontaktperson	<input type="text" value="Erik Flo Flåten"/>
Telefon kontaktperson	<input type="text" value="99226132"/>
E-post kontaktperson	<input type="text" value="Erik@biolast.no"/>

1.3 Søknaden gjeld

- | | |
|----------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <input checked="" type="checkbox"/> Ordinært avfall | <input type="checkbox"/> Farleg avfall (vi gjer merksam på at anlegg for farleg avfall vil ha krav til finansiell sikring før eit løyve kan takast i bruk, jf. avfallsforskrifta § 11-18) |
| <input type="checkbox"/> EE-avfall | <input type="checkbox"/> Kasserte køyretøy og/eller fritidsbåtar |
| <input type="checkbox"/> Kompostering av organisk avfall | <input type="checkbox"/> Forureina massar |

-
- Nyetablering
- Endring av løyve (omfattar også mindre endringar som har vore diskutert med Statsforvaltaren tidlegare, men som enno ikkje er tatt inn i gjeldande løyve)
- Anna (spesifiser):

Kort samandrag av kva søknaden gjeld. Aktuelle prosessar bør skildrast nærare i vedlegg. Sjå punkt 17.

Biolast AS søker om løyve til å etablere anlegg for mottak av matavfall (kode 1111) på inntil 25 000 tonn årleg. Biolast planlegg eit nybygg som vert tilpassa denne type produksjon. Det vil bli anskaffa ei CE godkjent matavfallsmaskin som kverner matavfallet og sorterar ut restavfall. Matavfallet vert deretter tilsett vatn og blir då til eit substrat som skal transporterast vidare i væsketette containerar/tankbil til biogassanlegg. Restavfallet som vert sortert ut vert frakta til godkjent mottak.

Planlagt dato for oppstart/ending

Er verksemda omfatta av industriutsløppsdirektivet, jf. [forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg 1](#)? Ja Nei

Gjeld berre IED-verksemder: Skriv opp punkt i [forureiningsforskrifta kap. 36 vedlegg 1](#) som gjeld for verksemda

2 Lokalisering

2.1 Eigedom

Før opp eigedomen/-ane søknaden gjeld i tabellen under:

Gardsnr.	Bruksnr.	Eventuelle koordinatar (UTM sone 32)
203	22	Ø 371920.000 N 6875499.00

Kart skal leggest ved i målestokkane 1:50000 (der anlegget er merka av), 1:5000 og 1:000. Sjå punkt 17.

2.2 Avstand til naboar

Avstand (i meter) til næraste nabo

323 meter til næraste heilårsbustad, medan det er ca. 80 meter til næraste lagerbygg (eigd av Haugen maskin AS) og 230 meter til Vest Biogass AS.

Type nabo (heilårs-/fritidsbustad, sjukehus, barnehage, leikeplass, industri osv.)

2.3 Eksisterande bruk av eigedomen

Omtal eksisterande bruk av eigedomen

Vest Bio-park kjøpte nyleg eigedomen med Volda kommune. Eigedomen har eit samla areal på 30956m² og er ein del av industriområdet på Raudemel i Hornindal. Eigedomen er ikkje opparbeida.

3 Kommuneplan og reguleringsplan

I kommuneplanen er området sett av til

Industriformål

Området er i reguleringsplanen regulert til

Industri og lager

Nummer og dato for den vedtatte reguleringsplanen:

NasjonalarealplanID 1577_20080002
Dato 28-04.2021
Saksnummer 2020/5192

4 Om anlegget og drifta

4.1 Omtale av anlegget, arten og omfanget av verksemda og valt teknologi

Fyll inn «[Vedlegg til søknadsskiema til avfallsanlegg](#)» som de finn på Statsforvaltaren si nettside. Sjå punkt 17.

Detaljkart over anlegget i ca. målestokk 1:500 skal leggst ved. Der skal det gå fram kva som er tette flater (betong), fast dekke (asfalt), kva for område som er overbygd samt plassering av oljeutskiljar og avløp frå denne. Sjå punkt 17.

4.2 Driftstid

Kva er planlagt driftstid for verksemda? Fyll inn i tabellen:

Type dag	Tidsrom for drift (klokkeslett)
Kvardagar	Kl. 08:00 – kl.19:00

Kveld kvar dagar	Kl.19:00 - kl.20:00
Natt	
Laur dagar	0900 - 1700
Søndagar og heilag dagar	

5 Avfallstypar

Avfallstypar skal gå fram av «[Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg](#)» som de finn på Statsforvaltaren si nettside. Sjå punkt 17.

6 Energi

Omtal dersom det er relevant for verksemda. *Gjeld i hovudsak større prosessanlegg som er IED-verksemder.*

7 Utsleppskjelder

7.1 Avfallshandtering

Dersom det er andre utsleppskjelder frå avfallshandteringa enn det som går fram av aktivitetar i «[Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg](#)» som de finn på Statsforvaltaren si nettside, omtal dette her.

7.2 Transport

Gje nærare omtale av transport av avfall til og frå anlegget (einingar, storleik på einingar, frekvens, tid på døgn/veke, ev. miljøeffektar av transport, m.m.)

Avfallet vert transportert til og frå anlegget med vogntog i lukka containerar, eller på væsketett «walking floor» semitrailer, ca. 30 tonn pr. levering. 60 - 70 tonn pr. driftsdøgn mellom kl.08:00 til kl.20:00.

Sidan store delar av produsjonen er tenkt solgt til Vest Biogass som er nabo til anlegget vil dette ha stor miljøgevinst om vi ser på avstandane avfallet vert transportert i dag. Biolast kjem til å legge til rette for at leveransane til Vest Biogass kan verte levert gjennom røyrledning. Avtalene mellom desse verksemdene vert jobba med. Store mengder vil då unngå transport med lastebil.

8 Utslepp til luft, vatn og grunn

8.1 Utslepp til vatn

Fyll inn tabellen under, sjå forklaring til tabell under:

Kjelde	Utslepp av årleg mengde i kubikkmeter	Utslepp via/til ¹	Planlagt type reinsing	Vassdrag/sjø det blir søkt utslepp til	Er det gjort analyse av utsleppet? ²	Utsleppsgrense det blir søkt om ³
Prosessvatn ⁴	0	0	0	0	Nei	0
Avløpsvatn ⁵	100 m3	100 m3	Kommunalt reinseanlegg	0	Nei	100 m3
Forureina overvatn ⁶	0	0	0	0	Nei	0
Reint overvatn	20 000 m3 (ved flaumsituasjon)	Via eigen infiltrasjon på tomt		Hornindalvassdraget	Nei	
Spyle- og vaskevatn	0	0	0	0	Nei	0
Oljehaldig avløpsvatn	0	0	0	0	Nei	0
Kjølevatn	0	0	0	0	Nei	0
Kloakk større enn 50PE	0	0	0	0	Nei	0
Anna, spesifiser						

¹ Via eigen leidning, privat fellesleidning, kommunal avløpsleidning, kommunal overvassleidning, infiltrasjon i grunn eller tett tank.

² Dersom det blir søkt om utsleppsgrense for nokre parametar, legg ved vedlegg med informasjon om maksimal konsentrasjon det er søkt om. Sjå punkt 17.

³ Dersom det er gjort analyse, legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

⁴ Vatn som oppstår ved behandling av avfall som t.d. overskotsvatn frå kompostering.

⁵ Utslepp under 50 PE skal søkjast om til kommunen, jf. [forureiningsforskrifta kapittel 12](#).

⁶Alt vatn som har vore i kontakt med avfall, overvatn frå trafikkområde og utandørs lagringsområde, skal reknast som forureina avløpsvatn.

Omtal kva utslepp til vatn inneheld og særleg om det inneheld helse- og miljøfarlege stoff

Der skal ikkje ha utslepp til vatn/elv eller avløpsanlegg frå prosessanlegg. Prosessvatn vert tilbakeført i produksjon, anna vatn i slukane som kjem av for eksempel spyling av container vert også tilbakeført i produksjonen. Slukar i bygg vil ikkje vere tilknytta utvendig rørsystem, men gå tilbake i prosessanlegg. Overflatevatn omkring anlegget vert ført til samleikum med stengeventil før infiltrasjon som eit konsekvensreducerande tiltak.

Omtal effekt av utslepp av vatn på vassdrag/sjø/grunn

Utsleppet vil vere av reint overvatn. Det planleggast med infiltrasjon av overvatn på eiga tomt som handterer overflatevatn. Dimensjonerande nedbør er 117 l/s, og det forutsettast infiltrasjon av dimensjonerande nedbør. Mengde utslepp av reint overvatn er sett ut ifrå to døgn med nedbør vesentleg over dimensjonerande nedbør.

8.2 Lukt

Er det venta at verksemda vil føre til lukt for naboar? Ja Nei

Dersom ja: Omtal kjelde til lukt og planlagde tiltak for å redusere lukt

Det er utført spredningsberegningar og utarbeida eigne rapportar for lukt.

Kjelde til lukt er matavfall i prosessanlegg, samt diffuse kjelder i forbindelse med dette.

Planlagt tiltak for luktbehandling er ein kombinasjon av fotokosidasjon, kolfilter og fortynning i skorstein.

Temaet er vidare omtala i eigne vedlegg.

Spreiingsanalysa har utgreia fleire alternativ. Det er scenarie 3 som kjem best ut for nærmiljøet, og det er denne plasseringa som er lagt til grunn.

Omtal venta tal på lukthendingar per månad

0-5 til verksemder på industriområdet, og ingen til heilårsnaboar. Ein gjer merksam på at dette gjeld for 99% av tida i henhold til TA3019/2013

Sjå [Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven, TA 3019/2013](#) for meir informasjon om lukt.

8.3 Støv

Er det venta at verksemda kan føre til støv for naboar? Ja Nei

Dersom ja: Omtal kjelde til støv og planlagde tiltak for å redusere støv

Andre utslepp til luft

Vil verksemda ha andre utslepp til luft? Ja Nei

Dersom ja: Omtal kjelde til utsleppet og planlagde tiltak for å redusere utsleppet

8.4 Støy

Er det venta at støy frå verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved næraste nabo vil overskride støygrensene i tabellen under?

Ja, alternativ A Ja, alternativ B Nei

Dersom ja for alternativ B: Legg ved støyutgreiing. Sjå punkt 17.

Alternativ	Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl. 19-23) $L_{pAekv4h}$	Laurdag (kl. 07-23) $L_{pAekv16h}$	Søn-/heilagdag (kl. 07-23) $L_{pAekv16h}$
A	55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)
B	50 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)	45 dB(A)

L_{pAeqT} er A-vege gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T viser midlingstida i timar.

L_{AFmax} , som er gjennomsnittleg A-vege maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

8.4 Støy – Vedlagt støyrapport «Biogassanlegg Hornindag støyfagleg vurdering til reguleringsplan, sweco 2020» vart utført like ved lokasjon for Vest Bio-Park. Anlegget i denne rapporten vart seinare flytta til I/L1. Rapporten er derfor dekkande og relevant for dette anlegget. Plasseringa av anlegget er lenger frå naboar enn i rapport. Vi bemerkar at største støykilde ved Vest Bio-Park er manøvrering tungt køyretøy (100dB) som er 10dB lågare enn støykilde lagt til grunn i rapport (110 dB). Ref 4.2 tabell 2

Støyutgreiinga må gjerast av konsulent med akustisk kompetanse og utrekningsverktøy for denne type utgreiingar. Dersom støygrensene blir overskridne, må utgreiinga vise forslag til avbøtande tiltak for å redusere støynivået (skjerming, anna plassering, mindre støyande utstyr, anna driftstid mv.). Støynivået etter at desse eventuelle avbøtande tiltaka er gjennomført, må reknast ut.

9 Miljøtilstanden i området der verksemda ligg

9.1 Vatn/sjø

Kort omtale av resipienten:

Syner til rapport frå Mulvik sist korrigert 27.08.2020 «Planomtale – detaljregulering med konsekvens -utgreiing og ROS analyse, Mulvik 27.02.2020» Kap 6.3 , 7.3.4 og 7.3.9.

Rapporten finnst her: <https://www.volda.kommune.no/f/ia39dc602-9159-4a1c-85be-b4abf6699b91/raudemel-industriomrade-planomtale-med-konsekvensutgreiing83710.pdf>

Også vedlagt søknaden.

Er det gjort resipientundersøking? Ja Nei Legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

Er det gjort straumundersøking? Ja Nei Legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

9.2 Naturmangfald

Omtal naturmangfald som kan bli påverka av aktiviteten det er søkt om

Området ligg i tilknytning til Storelva og Hornindalsvassdraget. I naturbase er det registrert naturtype fossepåverka berg og fossesprøytsone i elva i nær tilknytning til der anlegget skal ligge. Det er ikkje registrert spesielle dyreliv eller fugleliv i nærrområde til anlegget. Dei næraste observerte registrerte punkt i naturbase er arten kvitryddspett og rosenfink.

9.3 Forureina grunn

Er det grunn til å tru at det kan vere forureina grunn under eller nær anlegget? Ja Nei

Dersom ja: Omtal nærare.

«Området er ikke registrert i databasen grunnforurensing over eiendommer med forurenset grunn» (Frå vedtaket til Vest Biogass) Saksnummer 2021/5690

IED-verksemdar har krav om tilstandsrapport som skal leggest ved søknaden. Sjå punkt 17.

10 Oversikt over interesser som aktiviteten kan få følgjer for

Omtal kjente interesser og aktivitetar i området. Eksempel på slike er: fritidsinteresser, motorsportanlegg, skøytebanar, verneområde, turstiar.

Ingen kjente interesser og aktiviteter anna enn industri.

11 Førebygging og tiltak for å avgrense avfall frå drifta

Omtal kva verksemda gjer for å førebygge og kva tiltak verksemda gjer for å avgrense avfall og auke gjenvinning av avfall frå drifta

Avfall frå administrasjonsdelen til drifta vil ha vanleg kjeldesortering etter kommunal standard.

12 Teknikkar som kan førebygge og avgrense forureining

Omtal kva for teknikkar verksemda brukar for å førebygge og avgrense forureining

1. Teknikkar for å hindre spreining av matavfall

Mottakanlegget vil vere eit lukka og overbygd anlegg. Alt av slukvatn og anna avrenning i anlegget vil gå tilbake i prosessanlegget, og vert ikkje leia ut av bygget.

Om ein kritisk ulykkessituasjon skulle oppstå ved drift av anlegget som medfører matavfall på avveie utomhus er det vurdert tiltak opp mot ein slik situasjon. Dette kan til dømes vere brudd i container inne på området ved manøvrering eller brudd i overføringssystem innomhus som medfører tømning av heile lagersiloen. Som det framgår av vedlegg 15 er ein slik situasjon særst lite sannsynleg, men tiltak er vurdert ut ifrå eit slikt «worst-case scenario»

Som konsekvensreducerande tiltak vil utomhusarealer vere asfalterte og lagt opp med eige overvassystem. Overvassystemet utomhus vert leia til ein samleikum med spjeld for avstenging. Dersom ei uønska hending skulle

oppstå stengast spjeldet for å hindre avrenning frå tomta og eventuelt avfall fjerna med sugebil.

Asfaltert uteareal vert opparbeida med fall inn til slukssystem slik at ikkje noko renner ut av dette arealet. På asfaltert areal kan det akkumulera om lag 1500 m³ før det stig over terskelen. Det vil seie at ein har sikkerheitsfaktor om lag 2,2 i forhold til største mengde matavfall som kan vere på anlegget til einkvar tid.

2. Teknikkar for å hindre spreining av luftforureining

Det lukka anlegget vert utstyrt med eit undertrykksanlegg med fotooksidasjon, kolfilter og skorstein. Undertrykket syter for at luft ikkje sig ut av bygget, og luftbehandlingsanlegget fjerner lukt frå avtrekkslufta i bygget.

Det etablerast sluse for inn/utkøyring for å hindre luktspreining ved manøvrering av portar.

Temaet er vidare utgreia i vedlegg.

3. Teknikkar for å hindre støyforureining

Bygget oppførast som isolert og tett bygg for å halde støyande aktivitetar skjerna. Tomt ligg noko senka i terrenget for å gi avskjerming.

IED-verksemder må dokumentere bruk av dei beste tilgjengelege teknikkane, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2. Det er venta at BREF som dokumenterer beste tilgjengelege teknikkar, kjem i 2018 eller 2019. Legg ved dersom aktuelt. Sjå punkt 17.

13 Program for utsleppskontroll (måleprogram)

Legg ved forslag til program. Sjå punkt 17.

14 Vedtak eller uttaler frå offentlege organ

Opplys om eventuelle vedtak eller uttaler frå offentlege organ som har fått saka til ettersyn

Det er sendt byggesøknad for råtomt til Volda Kommune. Denne er ved innsending av denne søknad ikkje besvart.

Innsendt søknad for råtomt vart sendt før spreingsberegningar var ferdige. Spreingsberegningane syner at det er fordelaktig å flytte bygget i forhold til omsøkt råtomt. Det vert derfor naudsynt med ny byggesøknad for aktuell tomt.

Søknaden slik den foreligger er ikkje sendt til uttale hjå offentlege organ.

15 Risikovurdering og konsekvensutgreiing

Risikovurdering av hendingar/aktivitetar som kan føre til forureining skal leggst ved. Sjå punkt 17.

Er det gjort konsekvensutgreiing?

Ja

Nei

Dersom ja: Legg ved vedlegg. Sjå punkt 17.

16 Anna

Andre fordelar og ulemper ved tiltaket

Tiltaket vil korte ned transportbehovet for matavfall i regionen og potensielt redusere dagens transportbelastning. Anlegget er lokalisert nær prosessanlegg for biogass og det vil trekkast gode synergjar med å vere samlokalisert med dette anlegget.

Ein av hovudårsakene til å etablere anlegget på Raudemel er å redusere transportbelastninga i forbindelse med matavfallet. Ein har vurdert plasseringa som sær strategisk i forhold til transport av matavfall frå anlegga på Melsgjerdet, Bingsa, Hesjedalen, Årødalen, Sandane, Festingdalen og Saunesmarka. I dag vert mykje av tonnasjen frå desse anlegga transportert til Lillehammer eller Gøteborg. Etablering av eit anlegg på Raudemel vil føre til reduksjonar i klimagassutslepp og mindre belastning på vegnettet.

Om ein legg til grunn avstanden frå Raudemel til Lillehammer (320 km) og 20 000 tonn årleg vil dette utsleppet utgjere 232,1tonn CO2 ekvivalentar (miljødirektoratet.no)

For tilsvarande transport til Gøteborg (780 km) vil dette utgjere 565,6 tonn CO2 ekvivalentar

Potensialet ved ei avfallsmengd på 20 000 tonn vil vere på inntil 565,6 tonn CO2 ekvivalentar redusert utslepp.

17 Vedlegg

Nedanfor i tabellen er det lista opp aktuelle vedlegg:

17.1 Alle verksemder skal ha desse vedlegga

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
2.1	Oversiktskart som viser lokalisering av anlegget, avstand til næraste nabo, bekk/elv og utsleppspunkt	17.1
4.1 og 5	Oversikt over avfallstypar og korleis dei skal handterast. Bruk « Vedlegg til søknadsskjema til avfallsanlegg » som de finn på Statsforvaltaren si nettside	17.2
4.1	Detaljkart som viser avgrensing av området, kvar på området dei ulike avfallstypane skal handterast og lagrast, type dekke, overvassleidningar, avløpsleidningar og eventuelle reinseanlegg	17.1
15	Risikovurdering	17.3

17.2 IED-verksemder skal ha desse vedlegga også


Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
9.3	<i>IED-verksemder: Tilstandsrapport for forureina grunn</i>	N/A
12	<i>Eventuell dokumentasjon på bruk av dei beste tilgjengelege teknikkane</i>	N/A

17.3 Moglege andre relevante vedlegg, t.d.

Vedlegg til punkt	Innhald	Lagt ved
1.3	Skildring av ulike prosessar/aktivitetar i anlegget	17.4
8.1	Utsleppsgrenser det blir søkt om og analysar av utslepp til vatn	Sjå 8.1
8.4	Støyutgreiing	17.5
9.1	Resipientundersøkingar og straumundersøkingar som er utført	17.6
13	Forslag til program for utsleppskontroll (måleprogram)	17.7
14	Vedtak eller uttale frå offentlege organ	N/A
15	Konsekvensutgreiing	17.6
12	Spredningsanalyse Vest Bio-Park	17.8
12	Luktrisikovurdering Vest Bio-Park	17.9
12	Teknologivurderinger Vest Bio-Park	17.10
	Prosedyremal for risikovurderinger - drift	17.11
	Visjon for Raudemel industriområde	17.12



Senterposisjon: 6493.74, 6901349.12
Koordinatsystem: EPSG:25833
09.05.2024 Utskriftsdato:






Reguleringsplan Fannemel-bustadfelt

Utbyggingsplan_203-2-h

Oversikt med avstand til næraste nabo				
Dato	05.11.24	Konstr./Regnet	VB	Godkjent
ETRS89/UTM SONE 32N NN 2000 høyder			Målestokk	1:5000
Oversikt 1:5000				Erstatning for:
				Erstatet av:
				001
Henvening:		Beregning:		



Oversikt avstand til næreste nabo og elvar			
Dato	Konsept	Drøfting	Revisjon
05.11.24	VB		
ETRS89/UTM SONE 32N NN 2000 høyder		1:1000	
Oversikt 1:1000			Bladnummer
			001
Revisjon	Beskrivelse		



Oversikt over bygg og tette flater				
Dato	11.11.24	Konstr./tegnet	VB	Godkjent
ETRS89/UTM SONE 32N NN 2000 høyder			Målestokk	1:500
Prosjektdata				Erstatning for:
				Erstattet av:
				001
Henvising:		Beregning:		

Fyll ut tabellen med aktuelle fraksjonar. Oversikt over avfallskodar finn du i den blå tabellen i flippen "Avfallskodar".
 For farleg avfall må det settast inn eigne linjer for kvar fraksjon, sjå den røde tabellen i flippen "Avfallskodar".

Type avfall	Maksimal årleg mottaksmengde i tonn	Maksimal lagringsmengde i tonn	Maksimal lagringstid (veker/månader)	Aktivitet *	Dekke **	Skjerming/lagringshøgde ***	Merknad
Blanda næringsavfall							
Blanda hushaldsavfall							
Emballert restavfall (i ballar)							
Bioavfall og slam							
Dersom det er aktuelt at private opparbeider heile eller delar av industriområdet vil det vere behov for utbyggingsavtale ved kommunal overtaking av anlegg og infrastruktur.

3.5 Konsekvensutgreiing

I følge planprogrammet er det er krav om konsekvensutgreiing med følgjande utgreiingstema: Biologisk mangfald, kantvegetasjon, friluftsliv, landskap og landskapsbilde. Frå planprogrammet vart godkjent til utarbeiding av planforslaget vart sett i arbeid vart det godkjent KU og KDP for FV60 Tomasgard – området Røyrhus bru. I dette planarbeidet inngår også konsekvensutgreiing av tilsvarande tema for det same området. Dette er i realiteten ein overordna kommunedelplan og legg føringar for arealbruken i planområdet for reguleringsplanen. I følge §3 i forskrift om KU er det ikkje krav om konsekvensutgreiing av eit planarbeid dersom dette er gjennomført i overordna plan. Sjølv om ein likevel vil utarbeide KU i samsvar med planprogrammet, ser ein det unødvendig å innhente ny kunnskap og gjennomføre nye undersøkingar i dei tilfelle dette er gjort i samband med KU og KDP for FV60 Tomasgard – området Røyrhus bru. Konsekvensutgreiinga inngår som del av planomtalen i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing §9.

3.6 Risiko- og sårbarheitsanalyse

Det er krav om ROS-analyse og i følge planprogrammet skal følgjande tema vurderast: flaum- og skredfare, støy(både m.o.t. mellombels masseuttak og permanent industriområde), ureining av vatn, luft og grunn. Ein skal ta utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekkliste for ROS-analyser og SFT sin grunnforureiningsbase i arbeidet med ROS-analysen. Etter 1. gongs utlegging er det etter krav (motsegner) både frå NVE og fylkesmannen (i tidlegare Sogn og Fjordane fylke) gjort nærare ROS-vurderingar av flaumfare, støy, overvatn, brann, verksemdsrisiko og tilkomst for utrykkingskøyretøy. (Som dokumentasjon for flaumfaren og støybelastninga frå eit planlagd biogassanlegg er det utarbeidd egne rapportar)

4 PLANPROSESSEN

4.1 Medverknadsprosess, varsel om oppstart, evt. Planprogram

Tidlegare Hornindal kommune varsla oppstart av planarbeidet samtidig med utsending av forslag til planprogram jf. brev datert 23.02.2009. Høyringsfristen var sett til 27.03.2009 og det vart motteke 5 innspel til planarbeidet og planprogrammet. Merknader til planprogrammet og innspel til planoppstart vart handsama i Planutvalet den 14.03.2011 og godkjenning av planprogrammet vart gjort av Kommunestyret den 24.03.2011.

Planfase	Medverknad	Tid
Varsel om oppstart av planarbeid med forslag til planprogram.	Brev til høyringspartar og berørte grunneigarar og naboar.	Varslingsbrev datert 23.02.2009 Kunngjeringsannonse
Høyringsperiode	Innspel til planoppstart /merknad til planprogram. Orienteringsmøte/idèdugnad 10.03.2009.	Høyringsfrist 27.03.2009
Vurdering av innspel og merknader. Endring av planprogram.		Mars 2009 – mars 2011
Handsaming av merknader/innspel og godkjenning av planprogram	Planutvalet 14.03.2011 Kommunestyret 24.03.2011	Mars 2011
Utarbeiding av planforslag med KU og ROS		Januar 2014 – Mai 2015
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/høyring. (frist 12 veker)		Mai 2015 – Juli 2015
Offentleg ettersyn/høyring(6 veker)	Merknad til planforslag	August – September 2015
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.		September – Oktober 2015
Endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.		September - Oktober 2020
Godkjenning av planforslag (Kommunestyret)		April 2021
Kunngjering av godkjent plan		April/ mai 2021

5 PLANSTATUS OG RAMMEBETINGELSAR

5.1 Overordna planar

5.1.1 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

RPR for verna vassdrag

RPR for samordnet areal og transportplanlegging

RPR for barn og unges oppvekstmiljø

RPR for universell utforming


5.1.2 Fylkeskommunale planar

5.1.3 Kommunale planar


Det er ei rekke planar frå tidlegare Hornindal kommune som er lagt til grunn ved utarbeiding av planforslaget:

- Kommunedelplan FV60 Tomasgard – Røyhus bru(2012)
- Arealdelen til kommuneplanen (2004)
- Samfunnsdelen til kommuneplanen (2004)
- Kommunedelplan – differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget (2008)
- Brattegjølet – Sagelva Vassbruksområde (1998)
- Næringsplan for Hornindal kommune
- Forskrift om Sætremyrane Naturreservat (2008)
- Trafikktryggingssplan for Hornindal kommune (2008)
- Detaljplan for framføring av vatn og avløp – til Raudemel industriområde (2008)

På arealdelen til kommuneplanen (2004) er utvidingsområdet for Raudemel sett av til landbruks- natur- og friluftsområde (LNF-område). Dagens areal til industriområde er merka A9 på utsnittet av kommuneplanen, som vist under.



I kommunedelplanen for FV60 Tomasgard – Røyhus bru(2012) inngår planområdet i område avsett til næringsføremål.



5.2 Gjeldande reguleringsplanar

Delar av planområdet inngår i reguleringsplan for Raudemel industriområde godkjent i 2001.


5.3 Tilgrensande reguleringsplanar

Det er ein reguleringsplan som grensar til planområdet:

- Utbyggingsplan for utleigehytter på gnr. 203, bnr. 2 i Tomasgardsmarka (1994)

I tillegg er det varsla oppstart av arbeidet med reguleringsplan som delvis inngår i planområdet:


- Reguleringsplan for FV60 frå Tomasgard til Stranda grense(under arbeid)



6 OMTALEAV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE TILHØVE

6.1 Lokalisering og planavgrensning

Planområdet ligg på Tomasgard mellom Storelva og fylkesvegen Tomasgard – Seljeset. Planområdet omfattar del av gnr. 203, bnr. 5, eksisterande industritomter (203/17, 203/17/1 og 203/21), fylkeskommunal veggrunn, kommunal veggrunn (203/15), SFE sin sekundærstasjon (203/16), samt fellesområde for grunneigarane på Tomasgard (203/ 1-5 og 7-11). Planområdet er totalt på ca. 160 daa, der eit areal på om lag 42,1 daa. vert regulert til industriføremål og kombinert masseuttak/industri.



6.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Innafor planområdet finn ein i dag eksisterande industriområde, ein transformatorstasjon, skog- og utmark og eksisterande FV5830. Eigedomane som grensar til planområdet omfattar i hovudsak landbrukseigedomar o.a. private eigedomar på begge sider av Storelva. Ein stor del av planområdet er sett av til næringsverksemd i kommunedelplan for FV60 Tomasgard – Røyarhus bru.




6.3 Landskap og stadens karakter

6.3.1 Eksisterande bebyggelse

Det er ikkje tilgrensande busetnad nær inntil planområdet. Vest for planområdet finn ein nokre gardstun om lag 250 m frå planlagde industriareal, og på motsett side av Storelva i ein avstand på om lag 400 m ligg Fannemel bustadfelt.

Innafor planområdet er det ein transformatorstasjon og to industribygg.



6.3.2 Topografi og landskap

Planområdet ligg på Raudemel ved Storelva som renn midt i den tydelege U-daledalen som kjenneteiknar Hornindal. Dalbotnen er i stor grad prega av jordbruksareal men på Raudemel har planområdet meir preg av skogs- og beiteareal. Meir om landskap i konsekvensutgreiinga kap. 6.5.

6.3.3 Estetisk og kulturell verdi

Vest for industriområdet er eit særprega vassmiljø, og det er utarbeidd plan for istandsetjing av både oppgangssag, kvernhus m.m. Ca. 150 m frå industriområdet ligg Dønefossen, ei naturperle med eit spesielt særpreg. Høgdeskilnaden mellom Raudemel og Dønefossen gjer at aktivitetane på industriområdet ikkje påverkar bruken eller opplevinga av Dønefossen. Ca. 1,2 km aust for industriområdet ligg Sætremyrane Naturreservat. Områda mellom naturreservatet og industriområdet er nytta til jord- og skogbruk. Naturressursar er tema i konsekvensutgreiing kap. 6.2.

6.4 Kulturminne og kulturmiljø

Viktigaste kjente kulturminne i tilgrensande område er vassmiljøet vestover langs Storelva. Planen som er utarbeidd for å ta vare på og vedlikehalde dette miljøet vil kunne gjennomførast sjølv om industriområdet på Raudemel blir utvida (Vassmiljøet ligg vest for eksisterande industriområde, og kjem ikkje i konflikt med utvidinga av industriområdet). Kulturminneplan for Hornindal er under utarbeiding, men innafor planområdet er det ikkje registrert kulturminne.

6.5 Naturverdiar

Det er gjort oppslag i Artskart og Naturbase utan funn av truga raudlisteartar eller prioriterte artar jf. Naturmangfaldslova. Naturmiljø er tema i konsekvensutgreiinga kap. 6.3.

6.6 Rekreasjonsverdi/rekreasjonsbruk, uteområde, barn og unge sine interesser

Området er ikkje eigna som ute- og opphaldsområde for barn og unge, men sona langs Storelva vert ofte nytta i tilknytning til fiske. Friluftsliv er tema i konsekvensutgreiing kap. 6.4.

6.7 Trafikktilhøve

6.7.1 Vegsystem

Planområdet ligg ved Fv5830 som i 2013 hadde eit ÅDT-tal på 100. Forbi planområdet er fartsgrensa 60 km/t. I kommunedelplan for FV60 Tomasgard – Røyarhus bru er det lagt til rette for ny FV60 gjennom planområdet. Denne vegen vert hovudferdselsvegen aust-vest gjennom kommunen og det. Det er lagt opp til avkøyrsløp til industriområdet frå ny FV60.

6.7.2 Køyretilkomst

Dagens tilkomst til industriområdet skjer via kommunal veg – med tilknytning FV5830 Tomasgard – Seljeset. Trafikken er liten, og all parkering skjer på dei respektive tomtene.

Ved omlegging av fylkesveg 60 vil noverande tilkomst bli avskoren, og det må etablerast nytt T-kryss for tilkomst til industriområdet. Omlegginga av fylkesvegen vil samtidig føre til vesentleg auke i trafikken gjennom Tomasgardmarka.

6.7.3 Ulukkesituasjon

Det er ikkje registrert spesielle ulukkepunkt på vegsystemet i og kring planområdet. Det er registrert eitt tilfelle av utforkøyring på FV5830 vest for planområdet.

6.7.4 Trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Fylkesvegen som går forbi planområdet er ein typisk smal samleveg mellom dei ulike bygdene på austsida av dalen. Vegen har ikkje fortau eller gangveg. Det er ikkje mykje gangtrafikk langs vegen, men den vert truleg nytta som tilkomst til ulike turmål/turområde og skuleveg for gardane langs vegen.

6.7.5 Kollektivtilbod

Det er ikkje kollektivtilbod til planområdet pr. i dag.

6.8 Sosial infrastruktur

Planområdet ligg 4-5 km frå Grodås sentrum med off. og privat servicetilbod, skule og barnehage.

6.9 Universell utforming

Planområdet er ikkje tilrettelagt for universell utforming pr. i dag. Ny utbygging innafør planområdet vil måtte følgje krav til universell utforming etter gjeldande regelverk.

6.10 Teknisk infrastruktur

6.10.1 Vatn og avløp

Det er lagt fram hovudleidningar for avløp til eksisterande industriområde med tilknytning til reinseanlegget RA3 på Gausemel (Etter utbygging av ny hovudleidning frå Gausemel til RA1 på Ytrehorn vil RA3 bli

sanert). Utviding av området vil kunne byggje vidare på denne infrastrukturen. Vassforsyning frå ny hovudleidning frå Løvland, alternativt frå Fannemel.

6.10.2 Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Området ligg ikkje innafor område med konsesjon for fjernvarme.

6.10.3 Renovasjon

Verksemdene i området har eigne avtalar og det er sett krav i eksisterande reguleringsplan om korleis avfall skal oppbevarast.

6.11 Grunnforhold

6.11.1 Stabilitetsforhold

Ein er ikkje kjent med ustabile grunntilhøve. Kvartærgeologiske kart over kommunen viser at planlagt utvidingsområde på Raudemel i hovudsak består av morenemateriale, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunn. På sørsida av bekken er det i hovudsak morenemateriale, samanhengande dekke, stadvis med stor mektigheit. Begge områda har innslag av torv- og myrlendt mark.

6.11.2 Leidningar

Bekken i dalsøkket mellom storelva og fylkesvegen deler planområdet, slik at industriarealet blir liggande på nordsida, mens arealet på sørsida i hovudsak er nytta til landbruksføremål.

6.12 Privatrettslege bindingar

Eit avgrensa areal lengst sørvest i planområdet er felles for grunneigarane på Tomasgard.

6.13 Analyser/utgreiingar

Det er utarbeidd konsekvensutgreiing og ROS-analyse som inngår i planomtalen kap. 6 og 7.

7 Konsekvensutgreiing


Konsekvensutgreiinga er utarbeidd i samsvar med planprogrammet. Det er hovudsakleg nytta føreliggjande kunnskap. I dette inngår også fagrapportane frå konsekvensutgreiinga som vart gjennomført i samband med utarbeiding av kommunedelplan for FV60 Tomasgard – Røyarhus bru.

7.1 Tema og metode

Planprogrammet har definert dei tema som skal takast med i konsekvensutgreiinga, og omfattar følgjande tema:

- Naturressursar - jordbruk, skogbruk, beite, jakt og fiske
- Naturmiljø – biologisk mangfald og kantvegetasjon
- Friluftsliv
- Landskap og landskapsbilde

Planområdet dekker både areal som inngår i gjeldande reguleringsplan for Raudemel industriområde og eit nytt utvidingsareal. Det ligg føre eigengodkjend kommunedelplan for ny Fv60, og det er varsla oppstart av arbeidet med reguleringsplan. Den delen av kommunedelplanen som inngår i planområdet for Raudemel er sett av til næringsføremål. Dei allereie godkjente planane vil ligge til grunn for fastsettinga av verdien i utgreiingsområdet. Avgrensing av eksisterande reguleringsplan, plangrense for ny Fv60 og plangrense for utviding av industriområdet er vist under.



For nokre av temaområda vert planområdet delt inn i mindre område der kvart av desse får ein verdi på ein skala frå liten til stor verdi. Slik vil det kome tydelgare fram kor dei viktige verdiane finns.

Deretter blir det gjort ei vurdering av omfanget som dei planlagde endringane vil medføre. Dette blir vurdert i forhold til 0-alternativet, og plasserast på ein skala frå stort negativt til stort positivt.

0-alternativet er lik dagens planlagde situasjon. Vurdering av konsekvens er ei samanstilling av området sin verdi og omfang av tiltaket.

Til sist blir det gjort ei samla vurdering av planforslaget, samanlikna med 0-alternativet.

7.2 Naturressursar

Naturressursar er ressursar frå jord, skog og andre utmarksareal, fiskebestandar i sjø og ferskvatn, vilt, vassførekomstar, berggrunn og mineralar. I planprogrammet går det fram at det skal utgreiast om tap av LNF-område får noko å bety for landbrukseigedomane i området, og om auka næringsaktivitet og trafikk vil føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket. Innafor temaområdet naturressursar er det vurdert konsekvensar av planforslaget for jordbruk, skogbruk, beite, jakt og fiske. Både tap av areal, arrondering og driftsulempar er vurdert.

Planområdet er registrert som skogsområde med særskilt høg bonitet. Området er stykka opp av noko myr, bekken i dalsøkket, og av planlagt ny Fv60 gjennom området. I Konsekvensutgreiinga til kommunedelplanen for Fv60 vart det konkludert med at det utvida Raudemel industriområdet, hadde liten eller ingen verdi.

Jordbruk


Innafor planområdet er jordbruksdrifta avgrensa av noko beitebruk, men det grensar til fulldyrka jordbruksareal både i aust og vest. I kommunedelplan for FV60 er store delar av planområdet sett av til næringsføremål og arealet innafor planområdet er derfor vurdert til ikkje ha nokon verdi som jordbruksområde og det er derfor ikkje vurdert vidare konsekvensar av planforslaget for jordbruket.



Skogbruk

Sjølv om planområdet er registrert som skogsområde med særskilt høg bonitet vil verdien som skogsområde vere påverka av enkelte myrlendte område, bekken i dalsøkket og planlagt trasé for ny FV60.

I tillegg er industriområdet sett av til næringsføremål – i kommunedelplanen for ny FV60, og samla fører dette til at verdien som skogsområde er liten.



Utmarksressursar

Storauren frå Hornindalsvatnet går opp til Brattegjølet, men vidare innover dalen er det småaure som dominerer. Fisket er først og fremst viktig som rekreasjon, men det har ingen økonomisk rolle for landbruket i området. Det vert drive jakt på storvilt i området og det er hjortetrakk til dei dyrka områda på begge sider av industriområdet. Jakt på storvilt er ein del av ressursgrunnlaget for landbruket, sjølv om det ikkje har nokon vesentleg økonomisk rolle. Også innafør planområdet blir det drive noko jakt, som samla sett er vurdert å ha middels til liten verdi. Men når det blir bygd ny FV60 og industriområdet blir utvida vert verdien av jakt i dette området sterkt redusert.


7.2.1 Verdi som naturressurs

Store delar av planområdet er planlagt til industri og næringsformål i eksisterande og overordna plan, det er derfor berre delar av planområdet som har nokon verdi som naturressurs i den samanhengen. Området er delt inn i tre delområde.

Delområde 1: Kantsona langs Storelva er skogkledd med ikkje drivverdig skog av lauvtre og bartre. Området er lite og avgrensa og korkje skogen eller fisket i elva har økonomisk verdi for næringa. Området er derfor vurdert til å ha liten verdi som skog- og utmarksressurs.

Delområde 2: Området som ligg nordaust i planområdet og grensar til ein kanal mot dyrkamark, er registrert med høg bonitet, men er mindre skogkledd med blanding av lauv- og barskog. Området er til dels myrlendt og er derfor vurdert til å ha liten verdi for skogbruket. Med planlagt utviding av industriområdet og ny FV60 gjennom området har delområdet liten til middels verdi som utmarksressurs, dette er samanfallede med vurderinga gjort i KU for ny FV60.

Delområde 3: Dette er den delen av planområdet som inngår i eksisterende planar som utbyggingsareal og har slik sett ingen verdi som naturressurs.



7.2.2 Omfang og konsekvens av planframlegget

I utvidingsareala nord for bekken, som går gjennom området, er det foreslått nye areal for industri/ lager og eit mindre areal til kommunaltekniske anlegg. Med godkjend kommunedelplan for Fv60 og varsla oppstart av reguleringsplan for vegprosjektet, er det lagt til grunn at Fv60 ligg inne i alternativ 0.

Delområde 1

Delområdet er vurdert til å ha liten verdi som naturressurs. Planforslaget legg opp til å bevare kantsona og delområdet vil dermed ha lite omfang for ressursgrunnlaget. Planforslaget har ubetydelig konsekvens for naturressursane i delområde 1 (0).

Delområde 2

Området er vurdert til å ha liten til middels verdi. I planforslaget er dei nordlegaste områda foreslått som nye utbyggingsområde, medan områda nærast bekken vil bli sikra som naturområde og vegetasjonsskjerm. Planforslaget vil medføre tap av skog på areal med høg bonitet og området med jaktbart vilt vil forsvinne. Verdien og omfanget av området vil bli redusert og det er konkludert med at planforslaget vil ha middels til stort negativt omfang for delområde 2.

Området har liten til middels verdi, planforslaget vil ha middels til stort negativt omfang og samla konsekvens for delområde 2 vert middels negativ (--)

Delområde 3

Dette er område med planlagde eller igangsette tiltak etter godkjente planar, og har ingen verdi som naturressurs. Planforslaget legg opp til at delar av dette arealet vert tilbakeført som landbruksareal noko

som vil auke ressursgrunnlaget. På grunn av at landbruksarealet vert liggande mellom to vegar vil det vere noko avgrensa og planforslaget vil ha middels positivt omfang.

Delområde 3 har ingen verdi som naturressurs, men planforslaget vil auke omfanget på ressursgrunnlaget for landbruk - og har middels positivt omfang. Planforslaget vil gi ein liten positiv konsekvens (+).

7.2.3 Samla vurdering

Delområde	Verdi	Omfang	Konsekvens
1.	Liten	Lite	0
2.	Liten til middels	Middels til stor negativt	--
3.	Ingen	Middels positivt	+
Samla konsekvensvurdering			-

Planforslaget legg beslag på ein del areal innafor planområdet, som har liten til middels verdi. Samtidig stadfestar planforslaget bruken av areal sør for ny FV60 som landbruksområde. Dette er med på å vege opp for den negative konsekvensen planforslaget vil ha for det arealet som vert sett av til nytt industriareal. Samla sett vil planforslaget difor ha **liten negativ konsekvens** for ressursgrunnlaget innafor planområdet.

7.3 Naturmiljø

Temaet naturmiljø omhandlar naturtypar og førekomstar av artar som har verdi for dyr og planter sitt livsgrunnlag, samt geologiske element. Omgrepet naturmiljø omfattar alle førekomstar på landjorda, ferskvatn, brakkvatn og saltvatn, og biologisk mangfald knytt til desse.

I følgje planprogrammet skal det gjennomførast konsekvensutgreiing av dei verknadene utvidinga av industriområdet har for biologisk mangfald og kantvegetasjon, dette kjem inn under utgreiingstemaet naturmiljø.

Hornindalsvassdraget er eit verna vassdrag med høg verdi for naturvern. Dei urørte kantsone er generelt viktige for biologisk mangfald, og i tilknytning til kommunedelplan for ny FV60 gjennom kommunen er det utarbeidd konsekvensutgreiing som også tek for seg naturmiljø som tema. Området Storelva frå Tomasgard til Kroken vart vurdert til å ha middels verdi, mykje på grunn av fossesprøytsone i området ved Sagøyna. Fossesprøytsona er av lokal viktig verdi, og er registrert i naturbasen.

Under synfaring i samband med KU for ny FV60 vart det registrert fossefall og vintererle langs elva. Registreringar gjennomført i samband med kommunedelplanen for FV60 er også lagt til grunn for vurdering av konsekvensar for biologisk mangfald og kantvegetasjon på Raudemel.



Langs planområdet har Storelva moderate strykparti og delar av strekninga har stor grad av naturleg kantsone. Kantsona forbi eksisterande industriområde er derimot prega av menneskeleg påverknad. På grunn av ei høgspenlinje er vegetasjonen fjerna, og det er tidlegare lagt opp ein kant/forbygging i området ved trafostasjonen. Gjennom planområdet går eit bekkedrag med oreskog. Dette er element som har verdi for variasjonen i landskapet, og gir skjul og næring for fugl og anna vilt.

I KU for ny FV60 har Storelva med kantsone fått middels verdi, tilgrensande areal har fått liten til middels verdi og resten har fått liten verdi.


Planforslaget legg opp til å ta vare på kantvegetasjonen mot Storelva og langs bekken som går gjennom planområdet.

7.3.1 Verdi som naturmiljø

Delområde 1: Området er vurdert til å ha middels verdi som naturmiljø. Dette med bakgrunn i registrert fossesprøytzone, og at det er moderate stryk forbi planområdet som gjer det sannsynleg med artar som er typiske for slike område.

Delområde 2: Området utgjer ein samanheng mellom bekkedraget og kantsona langs Storelva, men er nokså typisk for områda lenger austover i dalføret. Området har liten til middels verdi.

Delområde 3: Dette er areal er i eksisterande planar disponert til vegar, industri- og næringsareal, og har slik sett ingen verdi som naturmiljø.



7.3.2 Omfang og konsekvens av planframlegget

Omfanget vurderast i forhold til alternativ 0, der store delar av planområdet er disponert til veg, nærings- og industriareal.

Delområde 1 er vurdert til å ha middels verdi som naturmiljø. Planforslaget legg opp til at kantsona blir bevart som naturområde og vegetasjonsskjerm mot industriområdet. Arealet mellom kantsona og bekkedraget er foreslått disponert til industriareal, dette kan gjere at vekst og levekår for artar til ein viss grad kan bli endra. Planforslaget vil derfor ha lite til middels omfang for kantsona. Med middels verdi og lite til middels omfang, vil planforslaget samla sett ha liten til middels negativ konsekvens for naturmiljøet i delområde 1 (-/-).

Delområde 2 er vurdert å ha liten til middels verdi. Store delar av dette arealet er foreslått som nytt industriareal, og utbygging i dette området vil bryte samanhengen mellom kantsona langs Storelva og bekkedraget gjennom planområdet. Dette kan vere med på å redusere artsmangfaldet i området og utbygginga vil ha middels negativt omfang for området. Samla sett vil planframlegget gi middels til liten negativ konsekvens for naturmiljøet(--/-).

Delområde 3 er vurdert til å ha ingen verdi som naturmiljø. Planforslaget legg opp til at kantsona på begge sider av bekkedraget vert bevart og at arealet mellom ny og eksisterande fylkesveg vert disponert som landbruksareal (definert som næringsområde i kommunedelplan for FV60). «Tilbakeføring» til landbruk vil betre tilhøva for artsmangfaldet og artane sine vekst- og levevilkår. Dette vil gi middels til lite positivt omfang av planforslaget, og ein kan konkludere med at planforslaget vil gi liten positiv konsekvens for naturmiljøet (+).

7.3.3 Samla vurdering

Delområde	Verdi	Omfang	Konsekvens
1.	Middels	Lite til middels negativt	-/--
2.	Liten til middels	Middels negativt	--/-
3.	Ingen	Middels til lite positivt	+
Samla konsekvensvurdering			-

Planforslaget vil medføre nedbygging av areal innafor planområdet, som har liten til middels verdi, samtidig som areal sør for ny FV60 blir «tilbakeført» som landbruksområde. Dette vil i stor grad vege opp for dei negative konsekvensane planforslaget vil ha for arealet som er foreslått til nytt industriområde. Samla sett vil planforslaget ha liten negativ konsekvens for naturmiljøet innafor planområdet.

7.4 Friluftsliv

Friluftsliv vert gjerne definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft på fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Utgreiinga skal vise korleis tiltak i samsvar med planforslaget vil påverke opphald og fysisk aktivitet i området.

I kommunedelplan for Fv60 Tomasgard – området Røyrhusbrua har «delområde A» fått middels til stor verdi. Raudemel ligg i «delområde A», men det er hovudsakleg område på nordsida av Storelva som er registrert med mange nærmiljø- og friluftslivskvalitetar. På sørsida er verdiane først og fremst knytt til turstiar i nærområdet, og til anna friluftsliv.

Planområdet ligg innafor verneområdet for Hornindalsvassdraget, der verdien for friluftsliv er sett som høg, og bruken av vassdraget sitt nedslagsfeltet til friluftsliv er ein viktig del av vernegrnlaget. I forvaltningsplanen ligg planområdet i sone II, dvs. område med middels grad av menneskeleg påverknad, der ein m.a. skal legge vekt på å ta vare på friluftsområda. Ein skal unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget/mellom vassdraget og hovudveg.

Ein mindre del av planområdet er utbygd med industribygg, og store delar av planområdet inngår i eksisterande reguleringsplan og kommunedelplan for Fv60. I desse planane er planområdet sett av til industriområde, vegar og næringsfremål, noko som påverkar verdifastsettinga av området i forhold til friluftsliv. Dei ubebygde områda har hovudvekt av barskog.

Det går ein sti langs delar av fylkesvegen, men det er ikkje tydelege stiar inn i skogsområda. Der er heller ikkje anna tilrettelegging av området, som kan tyde på at området er mykje brukt i utøving av friluftsliv. Det er gjort oppslag i både Geonorge.no, Naturbase.no og Fylkesatlas for Sogn og Fjordane utan at det er registrert at området er eit viktig friluftsområde.


Ved eksisterande avkøyrsløse til industriområdet er eit område nytta som parkeringsplass, og som utgangspunkt for turar sør for Fv5830.

7.4.1 Verdi

Delområde 1: Sagøyna og Storelva er identitetsskapande element som også vert nytta til bading og rekreasjon, men delområde 1 vert berre sporadisk nytta til fiske. Området er derfor vurdert til å ha middels til liten verdi.

Delområde 2: Delområdet er prega av barskog og noko myr, og er lite brukt til friluftsliv. Området vert sporadisk nytta til jakt. Området kan ikkje seiast å vere identitetsskapande og er samla sett lite brukt til friluftsliv. Området er derfor vurdert å ha liten verdi som område for friluftsliv.

Delområde 3: Bekken i området kan nyttast til fiske av aure, og er godt eigna til friluftsliv. Slike bekkeløp kan vere identitetsskapande element, men området synes lite brukt, og med nærføring til ny hovudveg vil bruken truleg bli meir redusert. Området er sett av til veg, nærings- og industriareal, er lite eigna for friluftsliv, og samla sett har delområdet ikkje nokon verdi som friluftsområde.



7.4.2 Omfang og konsekvens

Planforslaget inneber ei utviding av industriområdet mot aust og sør. Det er lagt til grunn at ny Fv60 og næringsareal sør for Fv60 vil kunne bli etablert uavhengig av planarbeidet for utviding av industriområdet.

Delområde 1 er vurdert til å ha middels til liten verdi for friluftslivsinteressene. Planforslaget legg opp til å bevare kantsona, men nærføring til nytt industriområde vil verke inn på opplevingane og bruksmulegheitene i friluftsområdet. Tiltak i samsvar med planen vil medføre ein stor barriere mellom Fv5830/Fv60 og Storelva langs planområdet, og direkte gangtilkomst til delområdet frå Fv5830 vil ikkje vere muleg når det vert etablert industriverksemd sør for elva. Det er lagt opp til det kan etablerast tursti i enden av o_V2 og o_V3, som sikrar tilkomst til Storelva. Gangtilkomst til elva frå aust og vest langs kantsona vil vere uendra. Det er lagt til grunn at det ikkje skal etablerast verksemdar som vil medføre støy over grenseverdiane i T-1445. Sjølv om ein held seg innafør grenseverdiane for støy, vil det likevel kunne oppfattast som uønskt støy i eit elles stille område.

Planforslaget vil ha middels til stort negativt omfang for friluftslivsinteressene, og med middels til liten verdi vil planforslaget ha middels negativ konsekvens(--).

Delområde 2 inngår i det utvida industriarealet og planforslaget legg opp til tiltak som vil øydelegge mulegheitene for bruk av området til friluftsliv og jakt. Attraktiviteten til området vert redusert, og

planforslaget vil ha stort negativt omfang for området. Med liten verdi vil planforslaget ha liten negativ konsekvens for friluftinteressene(-).

I delområde 3 er kantsona på begge sider av bekkedraget sett av til vegetasjonsskjerming og naturområde i planforslaget. Grøntsona vil likevel kunne vere for knapp og avgrensa med tanke på. Planforslaget vil dermed ha eit lite positivt omfang for friluftinteressene i området og samla sett vil planforslaget ha liten positiv konsekvens for friluftinteressene i delområde 3.

7.4.3 Samla vurdering

Delområde	Verdi	Omfang	Konsekvens
1	Middels til liten	Middels negativ	--
2	Liten	Lite negativ	-
3	Ingen	Lite positiv	+
Samla konsekvens for friluftsliv			-

Området er lite brukt til friluftsliv og eksisterande reguleringsplan for Raudemel industriområde og kommunedelplan for Fv 60 er med på å redusere verdien av området som friluftsområde. Kantsona langs Storelva har størst verdi for friluftslivet og samla sett vil planforslaget medføre ein **liten negativ konsekvens** for friluftslivsinteressene.

7.5 Landskap og landskapsbilde

I planprogrammet er det sett krav om utgreiing av kva verknader utviding av industriområdet vil ha for landskapet og landskapsbildet. Ein vanleg definisjon av landskap er eit område som er forma under påverknad frå og samspelet mellom naturlege og menneskelege faktorar. Temaet landskapsbilde omhandlar dei visuelle kvalitetane i omgjevnadene og korleis desse vert endra av tiltak som planforslaget legg til rette for.

Hornindalen er ein typisk U-dal og planområdet ligg på sørsida av Storelva opp mot den brattare dalsida. Planområdet er i det vesentlege skogkledd, og avskore av eit aust-vestgåande bekkedrag.



7.5.1 Verdi

Store delar av planområdet er eller vil bli disponert til vegar, nærings- og industriareal. Lokalt vil dette føre til endringar av landskapet og til ein viss grad påverke verdien av tilgrensande område.

Verdivurderingane i landskapsanalysen, frå utarbeiding av kommunedelplan for ny FV60 Tomasgard – Røyarhus bru, er lagt til grunn for verdivurderingane av planforslaget.

I den romlege analysen er delområdet karakterisert som eit underordna lukka landskapsrom, prega av eit mindre sagbruk, ein liten sekundærstasjon, fleire store grusflater, ein del bygningar, samt ei rekke mindre kraftleidningar. Området er klart avgrensa av oppdyrka flater i aust og vest samt dagens fylkesveg i sør og

Storelva mot nord. Veglinja for ny Fv60 er vurdert til å stå i eit lite harmonisk forhold til landskapskala, og stadvis vere dårleg tilpassa omgjevnadene. Ein konkluderte med at den nye Fv 60 gjennom området vil ha middels negativt omfang og middels negativ konsekvens. Ut frå dette må planområdet kunne definerast som eit spreidd-bygd område, der eksisterande og planlagde tiltak vil redusere dei visuelle kvalitetane, som samla sett gir eit mindre godt totalinntrykk. planområdet har difor liten verdi for landskapsbildet.

7.5.2 Omfang og konsekvens

Omfanget vert vurdert i forhold til alternativ 0. Etablering av nytt industriareal vil medføre behov for omfattande terrenginngrep med planering av industritomtene i ulike nivå. Dette vil resultere i fyllingar og skjeringar og samla sett vil dette stå i kontrast til dagens landskapsform.

Planforslaget legg opp til bevare det naturlege landskapet ned mot Storelva, og på begge sider av bekketaret. Dette er noko som vil gjere at tiltaket innafor planområdet vert meir harmonisk i forhold til landskapet og omgjevnadane. Samla sett vil tiltaket ha middels negativt omfang for landskapet, og planforslaget vil gi ein liten negativ konsekvens(-)

7.5.3 Samla vurdering

Planområdet vert vurdert samla til å ha liten verdi, og det legg til rette for tiltak som har middels negativt omfang. Samla sett vil planforslaget derfor ha **liten negativ konsekvens**.

Delområde	Verdi	Omfang	Konsekvens
Heile området	Liten	Middels negativt	-

7.6 Samanstilt konsekvensvurdering

Fagtema	Alt. 0	Alt. 1
Naturressursar		-
Naturmiljø		-
Friluftsliv		-
Landskap og landskapsbilde		-
Samla vurdering		-

Planforslaget vil ha ein liten negativ konsekvens for alle fagområda som er vurdert i konsekvensanalysen. Dette er naturleg i og med at det er sjeldan at tiltak i til dels «urørte» område vil vere positive når ein vurderer dei ikkje-prisette konsekvensane. Dei ikkje-prisette konsekvensane skal vanlegvis målast opp mot den samfunnsøkonomiske nytten tiltaket vil ha. Planprogrammet set ikkje krav om vurdering av dei

prissette samfunnsøkonomiske konsekvensane av planforslaget. I kapittel 10 er det gjort ei vurdering av fleire relevante fagtema med ei samla vurdering og avveging av planframlegget sine verknader.

8 ROS-analyse

8.1 Metode og gjennomføring

Analysen er gjennomført med bakgrunn i sjekklister basert på rettleiarar frå DSB, MD og Sogn og Fjordane fylkeskommune. ROS-analysen er avgrensa til utvalde risikotema som er gjort greie for i vedteke planprogram.

Det er tatt utgangspunkt i utkast til reguleringsplan for Raudemel industriområde, og eksisterande utgreiingar/analyser som omhandlar aktuelle tema er nytta så langt dei høver.

Mulege uønskete hendingar er ut frå generell/teoretisk vurdering sortert i hendingar som kan påverke planområdet sin funksjon, utforming m.m., og hendingar som direkte kan påverke omgjevnader, og verknader for og av planforslaget.

Vurdering av sannsyn for uønskete hendingar er klassifisert i:

1. Lite sannsynleg – hendingar er ikkje kjend frå tilsvarande tilhøve, men det kan vere ein teoretisk sjanse.
2. Mindre sannsynleg – hendingar kan skje.
3. Sannsynleg – Kan skje av og til, muleg periodisk hending.
4. Svært sannsynleg – kan skje regelmessig, tilhøvet er kontinuerleg til stades.

Vurdering av konsekvensar av uønskete hendingar er delt i:

	Liv/helse	Natur/miljø	Skade på eigedom, forsyning m.m.
1. Ubetydeleg	Ingen alvorleg skade	Ingen alvorleg skade	Uvesentleg/kortvarig avbrot.
2. Mindre alvorleg	Få/små skader	Få/små og ingen varig skade	Systembrot kan føre til skade dersom reservesystem ikkje finnes
3. Alvorleg	Alvorleg og behandlingsskrevjande skader	Midlertidig og behandlingsskrevjande skader	System settast ute av drift over lengre tid, alvorleg skade på eigedom
4. Svært alvorleg	Personskade som medfører død eller varig mén, mange skadd	Langvarig/uoppretteleg miljøskade	System settast varig ute av drift, uoppretteleg skade på eigedom.

Klassifisering av risiko som funksjon av sannsyn og konsekvens er gitt i risikomatrise:

Verknad Sannsynlegheit	Ubetydeleg	Mindre alvorleg	Alvorleg	Svært alvorleg
Svært sannsynleg				
Sannsynleg				
Mindre sannsynleg				
Lite sannsynleg				

- Hendingar i raude felt: Tiltak nødvendig
- Hendingar i gule felt: Tiltak vurderast ut frå kostnad i forhold til nytte
- Hendingar i grøne felt: Rimelege tiltak skal gjennomførast

8.2 Overordna risikosituasjon

Det er utarbeidd ny overordna ROS-analyse for nye Volda kommune. Vidare er det gjort nytte av ROS-analysen i kommunedelplan for FV60 – for den del som ligg innafør planområdet til Raudemel industriområde.

8.3 Analysetema i ROS-analysen

Det er godkjent planprogram som set rammene for kva tema som skal takast med i ROS-analysen. Gjennom planprogrammet vart det fastsett at følgjande tema skal vere med i ROS-analysen:

- Flaum- og skredfare (Jf. NVE-rapport *Skredfarekartlegging i Hornindal kommune 24-2015*)
- Støy
- Ureining av luft, vatn og grunn
- Ulemper for ferdsel i området

Etter første gongs høyring fremja Fylkesmannen motsegn mot planen – med krav om at fleire relevante tema vart tatt inn i ROS-analysen. Det vart vist til at overflatevatn, brann, verksemdsrisiko og tilkomst for utrykkingskøyrety også er relevante tema i tillegg til at klimaendringar og må vere tema i analysen. Desse tema er derfor tatt inn i revidert ROS-analyse.

8.3.1 Flaumfare

Når det gjeld flaumfare er det vurdert potensielle uønskte hendingar knytt til overfløyning og erosjon. Planområdet ligg langs Storelva og elvekanten består dels av fast fjell og lausmasse.


NVE-rapporten om *skredfarekartlegging i Hornindal* omfattar berre deler av planområdet, og det ligg heller ikkje føre aktsemdskart for flaumfare av elva på strekninga forbi planområdet. Jf. «Retningslinjer nr. 2/2011: Flaum og skredfare i arealplaner», utgitt av NVE i 2011, vil det innafør ei sone på mellom 50 – 100 meter langs elv og 20 m på kvar side av bekkar kunne vere eit område med potensiell flaumfare. Ein flaum vil i dei fleste vassdrag halde seg innafør ei stigning på 8 m. Innafør slike område vil det vere behov for avklaring av reell flaumfare med talfesta sannsyn for flaum gitt i byggtknisk forskrift.

Store delar av utbyggingsarealet nord for den sentrale tilkomstvegen er område som ligg lågare enn 8 m stigning frå elvekanten innafør ein avstand på 50 m frå elva.

Dette er areal der det typisk vil være potensiale for flaum etter NVE sine retningslinjer, og ved første gongs offentlig utlegging fremja NVE motsegn – med krav om vasslinjeberegning og utgreiing av flaumnivå i Storelva ved 200-års flaum. Dette vart utført i 2016, jf. Norconsult rapport *Vannlinjeberegning Horndøla*, og denne viser at det må utførast flaumsikringstiltak på 3 korte strekningar langs industriområdet si nordre grense. Krav om sikringstiltak er lagt inn i reguleringsplanen som omsynssoner - med rekkefølgekrav i reguleringsføresegnene.


Utan tiltak vil det vere sannsynleg at ein flaum under spesielle tilhøve kan føre til mindre alvorleg skade på natur/miljø, bygningar og infrastruktur i planområdet. Det er mindre sannsynleg at ein flaumsituasjon vil medføre fare for alvorleg skade på menneske.

Vannlinjeberegningar er utført ved hjelp av HEC-RAS 4.1. Resultatene viser at terrenget sannsynligvis må heves noe på deler av strekningen langs elva. Det er antatt sikkerhetsmargin i forhold til beregnede vannstander på 0,5 m. Figur 1 viser beliggenheten for flomvoll. Høyden til aktuell flomvoll er noe usikker, da vi ikke har annet enn 1 m koter for området, men den vil i hvert fall ikke være mer enn 1,0 m i forhold til eksisterende terreng.




Figur 1: Plassering av foreslåtte flomvoller (markert med rødt)

Lausmassekart frå NGU viser at det er gode grunnforhold innafør planområdet. Grunnen består i stor grad av eit lausmassedekke over fjell. Største delen av planområdet dekt av morene. Elles finn vi elveavsetningar mot Sagøyna, breelvavsetningar i dei øvre delane av planområdet, og nokre område med torvdekke og myr. Grunnforhold med stor grad av lausmasser mot elvekanten vil kunne vere utsett for erosjon.




8.3.2 Skredfare


Planområdet er ikkje utsett for skred. NGI sine aktsemdskart for snø- og steinskred viser at planområdet ligg i god avstand frå aktsemdsområde for snø- og steinskred.



I nyare aktsemdskart for snøskred, som er basert på ein mindre nøyaktig berekningsmetode, ser ein at snøskred kan ha utløpsområde ned mot FV5830. Planområdet ligg nord for vegen og er godt utafor utløpsområdet.



Aktsemdskart for steinsprang viser at utløpsområdet ligg eit godt stykke opp i fjellsida.



Ut i frå gjennomgang av tilgjengelege aktsemdskart for skred kan ein seie at det er lite sannsynleg med skredhendingar innafor og nær inntil planområdet.

Dette vert også dokumentert i rapport 24 – 2015 Skredfarekartlegging i Hornindal kommune – der deler av Raudemel industriområde ligg innafor vurdert område.


Ny aktivitet eller tilrettelegging for nye verksemder i området vil ikkje medføre auka sannsyn for skredfare i området.

8.3.3 Støy


Det er lagt til rette for utvida areal til industri/ lager, og ny Fv60 gjennom planområdet. Nye industriverksemder som skal etablere seg i området må rette seg etter gjeldande forskrifter og lovverk når det gjeld støy og forureining. Jf. *retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)*. Det er sett krav om dette i føresegnene.

I område I/L1 er det lagt til rette for etablering av biogassanlegg. Opphavleg var biogassanlegget tenkt lokalisert – delvis på område I/L2 og delvis på område I/L6, og på dette grunnlag vart det utarbeidd støyfaglege vurderingar. Jf. Rapport frå Sweco – *RIAKU Biogassanlegg Hornindal støy*. Rapporten viser gul støysone som strekker seg litt utanfor planavgrensinga i nord, men elles i hovudsak innafor område avsett til industri/ lager. Konklusjonen er at støynivået ved alle naboar er klart under alle grenseverdiar, og at reguleringsplan for nytt biogassanlegg vil tilfredsstille gjeldande støygrenser i T-1442 utan ytterlegare tiltak.

Etter at støyrapporten var ferdigstilt har tiltakshavar kjøpt område I/L1, og ynskjer å etablere biogassanlegget på denne tomte. Planert terrengnivå på I/L1 ligg ca. 10 m under terrengnivået ved opphavleg plassering, og terrengsnitt viser at anlegget blir vesentleg betre skjerma m.o.t. støy, samtidig som det visuelle inntrykk blir vesentleg betre. Krav om evt. ajourført støyrapport for endra plassering av biogassanlegget vert å ta stilling til i samband med byggjesøknaden.



Snitt aust/ vest



Snitt nord/ sør

I ROS-analyse utarbeidd i samband med KU og Kommunedelplan for FV60 Tomasgard – Røyhusbrua er det konkludert med at det er lite sannsynleg at veganlegget vil medføre industri og trafikkstøy. Planforslaget legg ikkje opp til tiltak som vil endre situasjonen m.o.t. vegtrafikkstøy.

Under føresetnad av at det ikkje vert etablert verksemdar som vil medføre støy utover grenseverdiane fastsett i forureiningsforskrifta/T-1442 kan ein konkludere med at det er lite sannsynleg at planforslaget vil medføre støy over desse verdiane. Ut i frå føresetnadene ovanfor vil det ikkje vere behov for avbøtande tiltak. Med bakgrunn i at områda langs Storelva har verdi som friluftsområde kan det vere aktuelt å sette avgrensing av driftstid for evt. bearbeiding og knusing av masser og andre industriaktivitetar som vert oppfatta som støyande.

8.3.4 Ureining av vatn

Planområdet ligg i nedslagsfeltet for det verna Hornindalsvassdraget og ureining av vatn er eit av dei tema planprogrammet krev at ROS-analysen skal ta for seg. Både Storelva og bekken i området har god vasskvalitet og Sagøyna er eit område med lokalt viktige naturverdiane. I differensiert forvaltningsplan for Hornindalsvassdraget ligg planområdet innafor sone II, som er område med middels grad av menneskeleg påverknad. I denne sona vil utslepp til elva vere eit tiltak eller inngrep som er i konflikt med vernegrunnlaget, og som normalt ikkje kan utførast. Både masseuttak for sal og utslepp frå avlaupsreinseanlegg vil normalt vere i konflikt med vernegrunnlaget, men omfang, detaljering og utforming av inngrepet vil avgjere om tiltaket kan utførast. Kloakk frå området vert ført i pumpeledning/ sjølvfallsledning til avlaupsanlegget på Gausemel. Eit tidlegare målepunkt for vasskvalitet i elva ligg like nord for område I1.



Figur 1 Vasskvalitet

Nye og eksisterende verksemder innafor planområdet må rette seg etter gjeldande krav for utsepp til vatn jf. *Forureiningsforskrifta* og Differensiert forvaltningsplan for Hornindalsvassdraget.

I føresegnene til planen er det føreslått at det ikkje skal etablerast verksemder som gjev vesentlege ulemper for omgjevnadene m.o.t. utsepp eller anna ureining av vassdraget. Verksemder som etablerer seg i området må i samsvar med Differensiert forvaltningsplan for Hornindalsvassdraget og Vassressurslova opptre med aktsemd for å unngå skade i vassdraget.

Det er konkludert med at det er lite sannsynleg med forureining av vatn som følgje av dei tiltak planen legg til rette for.

8.3.5 Ureining av luft

Området er ikkje utsett for ureining av luft frå eksisterande verksemder i planområdet, og nye verksemder må rette seg etter gjeldande krav jf. *Forureiningsforskrifta*.

Etablering av evt. mellombels masseuttak der det er mindre enn 500 m til næraste nabo, skal gjennomføre målingar av støvnedfall målt i 30-dagars intervall. Måleperioden skal vare minst eitt år og skal ikkje avsluttast før målingane kan dokumentere at krav i forureiningsforskrifta §30-5 vert overhalde.

Under føresetnad av at det ikkje blir etablert verksemder, som vil medføre ureining til luft, er det lite sannsynleg med ureining av luft.

8.3.6 Ureining av grunn

I Klif. sin database Grunnforurensing er det registrert to lokalitetar med ureina grunn i Tomasgardmarka. Dette er Tomasgardsmarka industriavfalls plass og Tomasgardsmarka avfalls plass.



Figur 2 Ureining av grunn

I følge ROS-analyse i samband med kommunedelplan for FV60 Tomasgardmarka – Rørhusbrua, har begge lokalitetane «påverknadsgrad 02-akseptabel med dagens areal og reseipientbruk». Planframlegget endrar ikkje bruken av området og det er lite sannsynleg med framtidige forureiningssituasjonar.

8.3.7 Ulempe for ferdsel i området

I planprogrammet er det krav om at ulemper for ferdsel i området, som følgje av utviding av industriområdet, skal vurderast i ROS-analysen. Ulemper for ferdsel er ikkje nærare avklara i planprogrammet, men ein har lagt til grunn at framkome og fare for ulukke er dei aktuelle utgreiingstema.

Planlagt situasjon

Ved vurdering av konsekvensane av eit tiltak vert det teke utgangspunkt i den planlagde situasjonen, og den nye fylkesvegen vil få ein vegstandard med god kapasitet for å ta imot trafikken til og frå Raudemel industriområde.

I planframlegget er det foreslått ein tilkomst til det utvida industriområdet frå nye FV60.

Eksisterande industriareal er på om lag 23,1 daa, og planforslaget legg opp til at dette vert auka med om lag 42,6 daa. Det nye arealet er inndelt i 7 delfelt I/L1 – I/L7, med forslag til inndeling av I/L3 og I/L4 i enkelttomter.

I takt med auka utbygging og omlegging av fv. 60 må det forventast vesentleg auke i trafikken - til og frå området.

Persontransporten til industriområdet vil truleg skje i privatbilar, men då det ikkje skal føregå varehandel på området vil det vere liten trafikk av kundar. Trafikken til og frå LNF-områda vil i stor grad vere knytt til skogsdrift.


Auka trafikk kan føre til større risiko for ulykker, men ein føreset at det nye veganlegget vert prosjektert og utforma på ein slik måte at faren for ulykker vert minimert. God framkome for landbrukstrafikken kan bli utfordrande, men det vert lagt til grunn at ny FV60 får ein standard som i varetek alle brukargrupper.

Risikovurderinga av ny FV60 gjennom området viser at det vil vere lite - til mindre sannsynleg at ulykker skjer på fylkesvegen, altså ubetydelege - til mindre alvorlege konsekvensar. Det vil ikkje vere trong for tiltak.


Utan ny FV60

Sjølv om ein i utgangspunktet skal leggje til grunn planlagt situasjon er det også gjort ei enkel vurdering av konsekvensar av planforslaget i høve til eksisterande vegsituasjon, dvs. utan ny Fv60 gjennom planområdet. Inn til ny FV60 er på plass vil eksisterande tilkomst til og frå planområdet bli brukt.

Eksisterande Fv5830 – på strekninga Tomasgard - Seljeset er smal og lite eigna som tilkomstveg til eit industriområde. Vegbreidda varierer mellom 3,5 og 4,5 m, og dette tilfredsstillar ikkje dagens krav til ein funksjonell og god tilkomstveg. Auka trafikk med større køyrety vil føre til endra trafikkmønster, og avhengig av type verksemdar i området kan trafikkbelastninga til tider bli utfordrande. Særleg merkbart kan dette vere i periodar med mykje tungtrafikk til og frå industriområdet, samtidig som det føregår landbrukskøyring i området.



Frå strekninga mellom industriområdet og kryss til dagens FV60.



Fartsgrense på strekninga mellom krysset til Fv 60 og avkøyrsla til industriområdet er 60 km/t. Det er ikkje registrert spesielle ulykkesbelasta punkt, men på smal veg og i dårleg utforma kryss (særleg mot FV60) vil auka tungtrafikk kunne føre til utfordrande situasjonar - med fare for ulykker.

8.3.8 Beredskap

Tilkomst for utrykkingskøyrety

Med kort avstand (250 m) frå industriområdet til dagens Fv5830, 1,5 km til Fv60 og 2,6 km til E39 (Kvivsvegen) vil utrykkingskøyrety ha rask tilkomst til og frå Volda (nord), til og frå Stryn og Eid (sør) og til og frå Stranda (aust). Med ny Fv60 gjennom planområdet vil tilkomsten bli enno betre.

Innafor planområdet vil vegar og snuplassar vere både tilkomst og redningsareal for naudetatane, og må minimum dimensjonast for «kritisk» materiell - som brannvesenet sine mannskapsbilar og tankbilar.

For tilkomstveg betyr dette følgjande:

- Køyrebreidde på rett veg - min 3,5 meter
- Svingradius (ytterkant veg) 13 meter
- Stigning – maks. 1:8 (12,5 %)
- Fri høgde - min 4,5 meter
- Akseltrykk – min. 10.000 kg
- Totalvekt – 27.000 kg.
- Fortauskant – maks 15 cm

Brann

Faren for – og omfanget av brann på eit industriområde er i stor grad avhengig av type industri og omfanget av brennbart materiale.

Konsekvensane vil i tillegg vere avhengig av ei rekke faktorar - som brannhindrande tiltak i verksemda (bygningmessige tiltak, varslingsanlegg, sløkkeutstyr, sprinklar m.m.), brannvesenet si utrykkingstid, sikker vassforsyning m.m. Innsatstida (*tid frå alarm til innsatsstyrken er i arbeid på skadestaden*) er på 12 min. Jf. krav i forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 4-8.

I alle byggverk, inkl. konstruksjonar og anlegg skal det leggest til rette for rednings- og sløkkemannskap i samsvar med teknisk forskrift (TEK17), evt. med tilpassingar ut frå lokale tilhøve.

Generelle krav til sløkkjevattn for industriområde:

- Min. 50 l/s. (3000 l/min.) – med uttak frå brannhydrant.
- Maks avstand mellom hydrantar er 200 m
- Vassleidningsnettlet må kunne levere sprinklarvatn til bygningar med ein kapasitet på min. 3000/min.

Volda kommune har ikkje kapasitet til å levere denne mengda til industriområdet per 31.08.2020. Dette betyr at utbyggjar sjølv må syte for supplerande vassmengde for å stette krava - inntil kommunen får på plass ei betre vassforsyning. Kommunen vurderer aktuelle løysingar som vil auke kapasiteten – opp til 50l/s (3000 l/min.) ut frå det kommunale nettet. Kva tid dette skjer er avhengig av investeringsbudsjettet og utbyggingskapasiteten i kommuneadministrasjonen.

Det er i dag etablert ein brannhydrant ved innkjøringa til industriområdet. Utbyggjar må ut over det innrette seg etter gjeldande brannforskrifter og etablere brannventil/hydrant i samsvar med dette. Vassleidningsnettlet er i dag ikkje dimensjonert for sprinklaranlegg, men kommunen arbeider for å få dette på plass.

Sløkkjevattn, utover det kommunalt nett kan forsyne, kan til dømes løysast ved å etablere vasstårn, eller hente vatn frå Storelva og/ eller bekken sør for industriområdet.

8.3.9 Overflatevatn

Planområdet ligg mellom fylkesveg 5830 (Tomasgardvegen og Storelva. Ein bekk går gjennom planområdet frå aust til vest og deler området i to. Den sørlege delen drenerer til denne bekken utan hindringar. Bekken har utløp i Storelva og går i kulvert gjennom dagens tilkomstveg til industriområdet. Når ny FV60 vert etablert mellom bekken og Fv5830 vil mesteparten av overvatnet i dette området bli ført i grøft langs den nye fylkesvegen, og leia ut i bekken ved planområdet si vestre grense. Internt på industriområdet er det sett krav om lokal og open handtering av overvatn, og med unntak av raskare avrenning vil utbygginga ikkje medføre auka utslepp til vassdraget. Mellom industriområdet og landbruksareala på austsida er det tidlegare etablert ein stor kanal som hindrar at overvatn frå landbruks- og skogbruksareala lenger aust kjem inn på industriområdet Med krav til handtering av overvatn i føresegnene er det lite sannsynleg at overvatn i området vil medføre overfløyning eller problem for avløpssystemet.

8.3.10 Verksemdsrisiko

Det er ikkje registrert verksemdar som kan utgjere ein risiko i området i dag. Bortsett frå biogassanlegg på I/L1 har ein ikkje kjennskap til kva verksemdar som vil etablere seg i området. For verksemdar som kan representere ein verksemdsrisiko (storulykkeverksemd) vil det bli stilt krav om nærare ROS-vurderingar før verksemda evt. kan etablere seg på Raudemel industriområde.

8.4 ROS-oppsummering

8.4.1 ROS-sjekkliste (ref. tabell i 7.1)

Uønskt hending	Nei	Ja	Sannsyn	Konsekvens	Samla Risiko	Kommentar
Naturgitte forhold						
<i>Er området utsett for, eller kan planen medføre risiko for:</i>						
Snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X		1	3		Området er ikkje skredutsett(1)
Flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X		1	3		Området er ikkje utsett for fare for flodbølger(2)
Utglijing av området (ustabile grunnforhold)?	X		1	3		Mest sannsynleg er det stabile grunntilhøve(3)
Flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	3	2		Fare for overfløyning, som kan gi skade på anlegg, infrastruktur natur og miljø(4)
Overfløyning i lågareliggande område?		X	1	3		Planen vil mest sannsynleg ikkje medføre overfløyning i lågareliggande område(5)
Overvatn - Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyning i kjellar osv?	X		1	2		Planen vil mest sannsynleg ikkje medføre problem med overvatn.(26)

Infrastruktur						
<i>Er området utsett for, eller kan planen medføre auka risiko for:</i>						
Ulykker på transportnettet i området? – m/ny FV60		X	1	3		Ingen særskild risiko(6)
Ulykker på transportnettet i området? – U/ny FV60		X	2	3		Kan førekomme ulukker som følgje av auka ÅDT og smal veg(7)
Transport av farleg gods til/gjennom området?		X	2	3		Kan førekomme ulukker som følgje av auka ÅDT(8)
Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	1	3		Ligg i område utan avrenning til vassforsyning. Ingen særleg risiko. (9)
Forureining						
<i>Er det i området:</i>						
Fare for akutt forureining?	X		1	2		Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(10)
Støy og støv?	X		1	2		Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(11)
Forureina grunn?		X	3	1		Registrert forureina grunn ligg utanfor industriområdet. (12)
Anlegg for avfallsdeponering?		X	3	1		Gamalt avfallsdeponi – ikkje i bruk(13)
<i>Medfører planen:</i>						
Fare for akutt forureining?	X		1	3		Lite sannsynleg, men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(14)
Støy og støv?	X		1	2		Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(15)
Forureina grunn?	X		1	2		Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom

						situasjon oppstår(16)
Anlegg for avfallsdeponering?	X		1	2		Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(17)
Verksemdsrisiko						
<i>Er det i området:</i>						
Anlegg/verksemder som kan utgjere ein risiko?	X		1	2		Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(18)
Lager med farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)?	X		1	3		Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(19)
<i>Medfører planen:</i>						
Anlegg/verksemder som kan utgjere ein risiko?	X		1	2		Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(20)
Lagring av farlege stoff (væsker, gassar, eksplosiv mv)		X	2	3		Biogassanlegg under planlegging. Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(21)
Auka risiko eller andre påkjenningar for sårbare bygg, infrastruktur, aktivitetar?	X		1	3		Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(22).
Brann/ulukkeberedskap						
<i>Er det i området:</i>						
God tilkomst for utrykkingskøyretøy?		X	1	2		Lite sannsynleg men kan vere alvorleg dersom situasjon oppstår(23).
Tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet?	X		1	2		Kommunalt VA-nett må byggjast ut internt på området – dimensjonert ut frå krav i denne planen (24).
<i>Medfører planen:</i>						
Behov for nye/auka beredskapstiltak (brann, helse m.v.)?	X		1	2		Lite sannsynleg men kan vere

						alvorleg dersom situasjon oppstår(25)
--	--	--	--	--	--	---------------------------------------

8.4.2 Risikomatrise

Verknad Sannsyn	1.Ubetydeleg	2.Mindre alvorleg	3.Alvorleg	4.Svært alvorleg
4.Svært sannsynleg				
3.Sannsynleg	12,13	4		
2.Mindre sannsynleg		10,11	7,8,21	
1.Lite sannsynleg		15,16,17,18,20,23,24,25.	1,2,3,5,6,9,14,19,22	

8.4.3 Forslag til tiltak

Etter at Norges Vassdrags- og energidirektorat NVE fremja motsegn mot planen (ved 1. gong offentleg utlegging) har kommunen fått utført vasslinjeberekning av Storelva. Denne viser at det må utførast flaumsikringstiltak på 3 korte strekningar langs industriområdet si nordre grense(4). Krav om sikringstiltak er teke inn i reguleringsføresegnene som rekkefølgekrav.

For å unngå alvorlege hendingar som følgje av auka trafikk(7) kan det bli naudsynt med tiltak på tilkomstvegane før industriområdet er ferdig utbygt. Dette kan skje i form av fartsreducerande tiltak eller andre tiltak på tilkomstvegane, og er teke inn i føresegnene som rekkefølgekrav.

Transport av farleg gods(8) gjennom området er føresett gjort på forsvarleg måte i samsvar med gjeldande regelverk, og det vil ikkje vere behov for tiltak. Større sannsyn for alvorlege hendingar med auka trafikk på eksisterande vegsystem utan ny FV60.

Det er lagt til rette for etablering av biogassanlegg i planområdet. Dette gjer at det er noko større sannsyn for lagring av farlege stoff. Dette vil bli avklara i samband med byggesak jf. krav i gjeldande regelverk for slik verksemd.

8.5 Konklusjon og anbefalingar

ROS-analysen avdekkar at det kan vere fare for flaum i delar av område som er sett av til industri. Flaumfaren er vurdert av fagkyndige og nødvendige tiltak er teke inn som rekkefølgekrav i føresegnene. I samsvar med vedteken kommunedelplan for fv. 60 vil fylkesvegen gå gjennom delar av planområdet, og av den grunn er det ikkje sett rekkefølgekrav for tiltak langs eksisterande vegnett.

9 OMTALE AV PLANFRAMLEGGET

I planframlegget er dagens industriområde utvida mot aust og sør. Arealet sør for den aust- vestgåande internvegen i feltet er foreslått til kombinert byggje- og anleggsområde, samt areal for masseuttak og industriområde. Kantsona langs Storelva og bekkedraget gjennom planområdet er foreslått bevart som naturområde med vegetasjonsskjerm mot industriområdet. Areal mellom bekkedraget og FV5830, som ikkje vert bygd ned av ny FV60, er foreslått til landbruksareal. Det er lagt inn ny FV60 med ein bandlagt korridor på 50 m på kvar side av senterlinja.

Reguleringsformål

Arealtabell

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
1510 - Energianlegg	2,2
1540 - Vass- og avløpsanlegg	0,8
1826 - Industri/lager (7)	64,3
Sum areal denne kategori:	67,3
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastrukt	Areal (daa)
2011 - Køyreveg (7)	11,7
2018 - Annan veggrunn – teknisk anlegg (4)	5,1
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (4)	3,5
Sum areal denne kategori:	20,3
§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur	Areal (daa)
3031 - Turveg (2)	0,6
3060 - Vegetasjonsskjerm	2,8
3900 - Angitt grøntstruktur kombinert med andre angitt	4,2
Sum areal denne kategori:	7,6
§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftformål og rei	Areal (daa)
5110 - Landbruksformål (4)	47,2
5120 - Naturformål (3)	17
Sum areal denne kategori:	64,2
§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilh	Areal (daa)
6610 - Naturområde i sjø og vassdrag	1,3
Sum areal denne kategori:	1,3
Totalt alle kategorier: 160,6	

9.1 Byggje- og anleggspåremål

9.1.1 Industri/lager(I/L1-I/L7)

Det er sett av 64,3 daa til industri og lager, av dette er 42,6 daa nytt areal, I/L3 – I/L7. Innafor I/L1 – I/L7 kan det drivast industri- og lagerverksemd. Kontor- og lagerareal til eigen drift er tillate. Det er ikkje høve til detaljhandel, men sal av produkt knytt til eigen verksemd er tillate. Bygningar skal vere fullverdige og permanente, og ikkje ha preg av midlertidige løysingar. Innafor områda I/ L1 kan det etablerast biogassanlegg m/ tilhøyrande installasjonar.

9.1.2 Klargjering av industritomter(I/L)

Innafor I/L 1 – I/L7 kan det som ledd i klargjering av byggjetomter sprengast ut masser og produserast grus og pukk av ulike kvalitetar. Driftsperiode for mellombels masseuttak og knusing/ solding av massar skal berre skje i tidsrommet kl. 8-16 på kvardagar.

9.1.3 Energianlegg (EL1)

Det er sett av eit areal på 2,2 daa til energianlegg. Innafor dette området er det ein eksisterande sekundærstasjon med tilhøyrande anlegg. Det er ikkje høve til oppføring av andre bygningar og/eller installasjonar enn dei som har tilknytning til drifta av høgspenningsanlegget.

9.1.4 Kommunalteknisk anlegg(V/A1)

Det er sett av eit areal på om lag 0,8 daa til kommunaltekniske anlegg. Her kan først opp mindre bygg for drift av V/A-anlegga.

9.1.5 Antal arbeidsplassar, antal m² næringsareal

Det er sett av totalt 67,3 daa. til næringsareal og det er sannsynleg at talet på arbeidsplassar vil auke som følgje av utviding av eksisterande verksemdar og evt. nyetableringar.

9.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

9.2.1 Køyreveg

O_V1 er trasé for ny Fv60 gjennom planområdet. For avkøyring til industriområdet er det planlagt avkøyrsle frå Fv60 - o_V2. Sjøraust i planområdet vil det vere avkøyrsle til Fv5830 (o_V5) frå o_V1.

Internt i industriområdet ligg o_V3, med snuhammar på endevegane i aust. Som ledd i utbygging av delfelt I/L1 – I/L7 må det fremjast søknad om avkøyrselsøyve – seinast ved søknad om byggjeløyve.

Eksisterande Fv5830 er vist som o_V5 og eksisterande tilkomst til industriområdet er lagt inn som privat tilkomst f_V6. F_V7 er tilkomst til gbnr.: 203/2.

9.2.2 Anna vegpåremål

Langs alle offentlege vegar er det lagt inn areal til grøft og snøopplag, og langs o_V1 har dette ei breidde på 2,5 m. Det er også lagt inn eit areal på 3,5 m til anna vegpåremål-grønt. Samla vil dette også ha funksjon som sikringssone for vilt som er sett av i 6 m breidde frå vegkant.

9.3 Grønstruktur

9.3.1 Vegetasjonsskjerm(GV1 og 2)

Mellom Storelva og industriarealet, og mellom Kvitla (bekkedraget i søndre del av planområdet) og industriarealet er det sett av ei sone på 5 m for vegetasjonsskjerm. I denne sona skal eksisterande vegetasjon bevarast. Areal sett av til vegetasjonsskjerm er refusjonspliktig areal som kan leggest til dei tilgrensande industritomtene.

9.4 Landbruks-, natur- og friluftsområde

9.4.1 Landbruk(L1 – 4)

Det er lagt inn fire område for landbruk. Dette er i samsvar med dagens bruk av areala. Innafor områda kan det drivast ordinær landbruksverksemd. Innafor L3 er det høve til å sette opp felles reiskapshus/lager knytt til landbruksverksemd.

På begge sider av o_V1 er ei sone på 50 m frå senterlinja som skal kunne nyttast som anleggs- og riggområde under bygging av o_V1. Denne sona fell saman med byggegrensa langs o_V1.

9.4.2 Naturområde(Na1-3)

Kantsona langs Storelva, og på begge sider av Kvitla, er sett av til naturområde i om lag 10 m breidde. Formålet er å sikre at naturverdiane i kantsona langs det verna vassdraget ikkje vert råka av utbygging innafor planområdet. Områda kan nyttast til beite og det kan drivast med vedlikehaldsskjøtsel av skog.

9.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag

9.5.1 Naturområde i sjø og vassdrag(Nv1)

Kvitla (bekken) som går gjennom planområdet er regulert som naturområde i sjø og vassdrag.

9.6 Føresegningsområde

9.6.1 Føresegningsområde flaumvern Storelva (#1-#3)

I samsvar med Norconsult rapport *Vannlinjeberegning Horndøla* av 07.06.2016 kan det innafor 3 avgrensa område langs Storelva etablerast flaumvern inntil 1 m over eksisterande terreng.

9.6.2 Føresegningsområde flaumvern Kvitla (#4)

I føresegningsområde #4 kan det etablerast flaumvern som sikrar område I/L5 mot flaum.

9.6.3 Mellombels byggje- og anleggsområde (#AR)

Dette er mellombelse byggje- og anleggsområde som kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av veganlegget (fylkesveg 60), slik som mellombelse bygg (brakker) og anlegg, lagring med meir. Området kan også nyttast til mellomlagring av vegetasjonsmassar/ gravemassar i samband med vegbygginga, og desse massane er føresett brukt til istandsetting og revegetering av sideområda.

Det kan byggjast mellombelse vegar for avvikling av trafikk i byggje- og anleggsfasen. Etter avslutta anleggsperiode skal alle sideareal vere revegetert og tilbakeført til det føremål som er vist på plankartet. Der anleggsbeltet kryssar avkøyrslar og tilkomstvegar, skal anleggsdrifta planleggjast og utførast slik at den ikkje råkar desse i vesentleg grad, evt. skal det lagast alternative tilkomstar.

9.7 Omsynssoner

9.7.1 Sikringssoner – frisikt

I avkøyrslar er det det vist frisiktsoner der det ikkje er høve til etablering av noko som hindrar fri sikt. Arealet skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegars nivå.

9.7.2 Sikringssoner - flaumvern

Det er sett av flaumfaresoner med breidde på 20 m langs Kvitla, og med breidde på 50 m langs Storelva. Vasslinjeberegning viser at det er trong for flaumvern på 3 avgrensa strekningar langs Storelva. Flaumvern må vere på plass før nye bygningar kan takast i bruk, dvs. før det blir gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest for bygget/ anlegget.

9.7.3 Høgspenningssone H370 1

Det er sett av faresone kring sekundærstasjonen med tilhøyrande anlegg innafor område EL1.

9.8 Rekkefølgjekrav

Det er lagt inn rekkefølgjekrav i planen - knytt til flaumvern, ny fylkesveg 60, kryss fv60 – o_V5, vegar o.a. infrastruktur og uteareal.

9.9 Bebyggelsen si plassering og utforming

9.9.1 Tilpassing til staden

Terrenget stig mot aust og det er naturleg at utbyggingsområda vert planert til ulike nivå, avtrappande mot vest. Det vil i ulik grad vere behov for uttak av massar på dei ulike tomteområda. Det skal leggast vekt på god terrengtilpassing som skal dokumenterast i samband med byggesøknad.

9.9.2 Bebyggelsen sin plassering og struktur

Der det vert høge skjerningar mot nabotomt (på grunn av store høgdeskilnader) skal bygningsmassen på det lågaste nivået - så langt råd er plasserast inn mot skjeringskanten. Dette for å dempe inntrykket av dei høge skjerjingane.

9.9.3 Grad av utnytting

Maks utnyttingsgrad 80 %BYA.

9.9.4 Bebyggelsen si høgde og volum

Bygningar og anlegg kan ha ulike former og høgder, men slik at maks møne- og gesimshøgde ikkje overstig 21 m over planert (gjennomsnitt) terrengnivå.

9.9.5 Arkitektoniske intensjonar

Det skal leggast særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning.

9.9.6 Universell utforming av bygg

Arbeidsbygningar vil ha krav om universell utforming. Jf. gjeldande regelverk.

9.10 Uterom og friområde

9.10.1 Privat og felles uteopphaldsareal

Det er ikkje sett av areal til privat og/ eller felles uteopphaldsareal.

9.10.2 Kvalitet på og utforming av uterom

Det skal leggast vekt på å utvikle gode kvalitetar på uterom kring, bygningar, lagerområde og interne vegareal.

9.10.3 Krav om utomhusplan og rekkefølgebestemmelsar

Det er krav om at situasjonsplan ved byggesak som minimum skal vise plassering av eksisterande og nye bygningar/anlegg, varelevering, vegar, evt. skjering, fyllingar m.m.

9.10.4 Offentlege friområde

Det er ikkje sett av offentlege friområde innafor planområdet. Det er sett av areal til vegetasjonsskjerming mellom utbyggingsområda og Storelva og bekken som går gjennom planområdet.

9.10.5 Turvegar

Det er lagt til rette for etablering av to turvegar innafor planområdet, slik at det vert muleg med tilkomst

til kantsona langes Storelva.

9.10.6 Retningslinjer for drift og skjøtsel

Det er sett krav om at drift av mellombels masseuttak og produksjon av masser, jf. pkt. 8.2.2, berre skal skje på kvardagar mellom 08:00 og 16:00.

9.11 Støytiltak

Det er i utgangspunktet ikkje behov for anna støytiltak enn avgrensing av driftstid for mellombels masseuttak og produksjon av massar, men det er likevel teke inn eige punkt im støy i fellesføresegnene.

9.12 Energiløysing

Det er lagt opp til tradisjonelle energiløysingar.

9.13 Parkering

9.13.1 Utforming og lokalisering av eventuelle parkeringsanlegg

For kvar verksemd skal det etablerast parkeringsplass med 1 parkeringsplass pr. 50 m2 kontor-/forretningsareal, 1 bilplass pr. 100 m2 industri/verkstad og 1 parkeringsplass pr. 200 m2 lager. Alle område for industri skal legge til rette for parkering på eigne tomter. Felles løysingar mellom fleire tomter kan akseptterast.

9.14 Trafikkløysing

9.14.1 Kjøyretilkomst/tilknytning til overordna vegnett

Gjennom planområdet er det foreslått trasé for ny Fv60. Det er lagt opp til to avkøyrslar frå denne inn til planområdet. Ei avkøyrslar til industriområdet(o_V2), og ein avkøyrslar for tilknytning av den opphavlege fylkesvegen gjennom området(o_V5).

9.14.2 Utforming av vegar/breidde og stigningsforhold

O_V1 skal byggast ut i samsvar med vegklasse H2 for øvrige vegar. Vegbreidda skal vere på 7,5 m inkl. skulder.

O_V2, o_V3 og o_V4 skal byggast ut etter vegklasse A2, atkomstveg i industriområde, og skal ha 7 m vegbreidde inkludert skulder.

O_V5 er gitt mulegheit for utviding til offentleg samleveg Sa1. Vegen er derfor vist med breidde 6 m inkl. skulder.

F_V6 vil etter ny Fv60 bli privat felles tilkomstveg. Den er gitt breidde 4 m, tilsvarande vegklasse A3.

F_V7 er eksisterande avkøyrslar til gbnr.: 203/2, som er regulert til hyttefelt.

9.14.3 Varelevering

Innafor kvar tomt skal det etablerast gode løysingar for varelevering. Løysing for dette skal visast i situasjonsplan som skal følgje byggesøknad.

9.14.4 Tilgjengelegheit for gåande og syklende

Det er ikkje gang-/sykkelveg inn til eller internt i planområdet.

9.14.5 Felles tilkomstvegar, eigedomstilhøve

F_V6 vil vere ein privat felles veg for tilgrensande eigedomar.

9.14.6 Kollektivtilbod

Pr. i dag er det ingen kollektivtilbod på Raudemel, men i samband med utarbeiding av reguleringsplan for ny Fv60 vil kommunen fremje innspel om nye busstopp vest for Raudemel - i området Tomasgard/Gausemel.

9.14.7 Krav til samtidig opparbeiding

Det er krav om at o_V3 skal opparbeidast før tiltak kan fullførast innafor I/L3 - I/L5.

9.15 Tilknytning til infrastruktur

9.15.1 Plan for vatn og avløp samt tilknytning til offentleg nett

Før området kan byggast ut må det utarbeidast VA-plan.

9.15.2 Tilknytning til fjernvarmeanlegg

Planområdet ligg ikkje innafor konsesjonsområde for fjernvarme, og det er ikkje krav om tilknytning til evt. fjernvarmeanlegg.

9.15.3 Avfallshandtering/miljøstasjon

innafor kvart delområde/tomt skal det etablerast areal for kjeldesortering av avfall frå produksjonen. Kjeldesortering skal skje i eige rom i industribygget/lageret eller i overdekka/lukka container utandørs. Dette skal visast på situasjonsplanen som skal leggest ved byggesøknad.

9.16 Planlagde offentlege anlegg

Opparbeiding av vegsystem og anna teknisk infrastruktur vil vere offentlege anlegg. Opparbeiding i regi av private kan akseptast mot utbyggingsavtale.

9.17 Gjennomføring, miljøoppfølging

Ikkje aktuelt

9.18 Universell utforming

9.18.1 Omtale av krav

Arbeidsbygningar har krav om universelt utforma tilkomst, parkeringsareal og uteareal. For bygningar i to etasjar eller meir er det krav om heis.

9.18.2 Omtale av korleis universell utforming skal løysast

Planforslaget legg til rette for at universelt utforma tilkomst, parkeringsareal og uteareal kan opparbeidast. Situasjonsplanen skal vise korleis krav om universell utforming vert løyst.

9.19 Skog- og landbruksaktivitet

Innafor planområdet er det sett av 47,1 daa til landbruksføremål. I desse områda kan det drivast ordinær landbruks- og skogbruksverksemd, og i område L3 kan det førast opp lager/reiskapshus knytt til landbruksnæringa.

9.20 Kulturminne

Funn av automatisk freda kulturminne sør for Kvitla er merka av i kartet. Ut over dette gjeld kulturminnelova sine aktsemdsreglar ved evt. funn av kulturminne innafor planområdet.

9.21 Sosial infrastruktur

Ikkje relevant.

9.22 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Sikringstiltak mot Storelva ved ein 200-års flaum er teke inn i plankartet som omsynssoener, og i føresegnene som rekkefølgjekrav. Vidare vil auka trafikk på eksisterande vegnett, frå Fv60 og fram til planområdet, kunne medføre auka fare for ulukker på strekninga.

For å unngå for stort press på tilkomstvegar som ikkje er eigna for auka trafikk med større køyretøy kan det bli sett rekkjefølgjekrav om at I/L3 – I/L5 ikkje kan byggast ut før ny Fv60 er på plass.

9.23 Rekkefølgjekrav

Det er sett rekkjefølgjekrav for:

- Sikringstiltak langs Storelva og Kvitla.
- Ny fylkesveg 60
- Kryss fylkesveg 60 – o_V5.
- Utbygging av vegar og VA-anlegg
- Opparbeiding og ferdigstilling av uteareal

10 Verknader/konsekvensar av planframlegget

Konsekvensutgreiinga inngår i kapittel 6. I tillegg til dei tema som er med i denne, er det i det følgjande også vurdert kva konsekvensar planforslaget vil ha for andre temaområde.

10.1 Overordna planar

Den delen av planområdet som ligg innafør kommunedelplan for FV60 Tomasgard – Røyhus bru er i samsvar med overordna plan. Delar av utvidingsområdet for nytt industriområdet ligg innafør LNF-område i kommuneplanen sin arealdel og er ikkje i samsvar med overordna plan. Differensiert forvaltningsplan for Hornindalsvassdraget er ikkje til hinder for at industriområdet kan utvidast i samsvar med plankartet.

10.2 Konsekvensar for naboar

Det er ikkje busetnad kloss inntil planområdet. Næraste gardstun sør for Storelva ligg i underkant av 200 m frå planområdet medan næraste busetnad nord for Storelva ligg på Fannemel omlag 170 m frå planområdet. Planområdet vil vere mest synleg frå busetnaden på Fannemel, og frå eksisterande FV60 og bustadområda som ligg nord for denne vegen. Skog og ein morenerygg på Fannemel dempar det visuelle inntrykket av industriområdet sett frå Fannemel. Også kantsona langs Storelva vil gjere det nye industriområdet noko mindre synleg for busetnaden på Fannemel.

Det er opplyst at det har vore tilfelle med støy frå eksisterande industriområde knytt til masseuttak og bearbeiding av massar. Alle verksemder må halde seg innafør gjeldande støykrav jf. forureiningsforskrifta. Naboar kan likevel oppfatte masseuttak og bearbeiding av massar som støyande. For å redusere tidsrommet med aktivitet som kan oppfattast som støyande på naboar er det i reguleringsføresegnene sett krav om at drift av mellombels masseuttak berre skal skje i tidsrommet 8-16 på kvardagar.

10.3 Kulturminne og kulturmiljø

Planforslaget vil ikkje ha konsekvensar for kulturminne eller kulturmiljø.

10.4 Trafikktilhøve

Både ny Fv60 og utvida industriområde vil medføre auka trafikk gjennom området. Ny Fv60 vil gi ei betra vegløyning – både m.o.t. standard, tryggleik og kapasitet, samt gi mulegheit for kollektivtilbod i området.

10.5 Sosial infrastruktur

Planforslaget vil ikkje medføre spesielle konsekvensar for sosial infrastruktur. Utviding av industriområdet vil truleg medføre auke i talet på arbeidsplassar.

10.6 Universell tilgjengelegheit

Planframlegget legg til rette for at krav om universell utforming kan gjennomførast innafør planområdet.

10.7 Energibehov – energiforbruk

Energibehovet vil auke som en konsekvens av tilrettelegging for etablering av fleire nye verksemder innafør området.

10.8 Teknisk infrastruktur

10.8.1 Vatn og avløp

VA-anlegg innafor planområdet skal knytast til eksisterande avlaupsnett i retning RA3 på Gausemel, og til ny vassleidning frå Grodås vassverk – via Løvland. Alternativ vassforsyning frå Holebakkane, via Fannemel, under Storelva – til Raudemel industriområde.

10.8.2 Trafo

I den grad det er naudsynt for å sikre straumforsyninga i området kan det plasserast nettstasjon/trafostasjon innafor I/L-områda.

10.9 Konsekvensar for næringsinteresser

Planforslaget legg opp til å auke industriarealet i kommunen, noko som vil legge til rette for etablering av nye og ev. utviding av eksisterande industriverksemder. Dette er positivt for næringslivet i kommunen og det vil gi mulegheit for fleire nye arbeidsplassar.

10.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Kommunen vil få utgifter til utbygging av VA-anlegg og vegar, samt innløyising av grunn.

10.11 Interessesmotsetnader

Det er ikkje registrert interessomotsetnader, men tiltak som kan medføre fare for støy, støv, lukt, trafikkale utfordringar m.m. kan ikkje etablerast på Raudemel med mindre tiltaket ligg innafor dei grenseverdiar som forureiningslova/ forureiningsforskrifta – og føresegnene til denne planen fastset.

10.12 Avveging av verknader

Målsettinga for planarbeidet er å legge til rette for at fleire industriverksemder kan etablere seg i Hornindal. Det er ikkje meir ledig industriareal i kommunen og det er derfor ønskjeleg å utvide eksisterande industriområde på Raudemel. Området blir liggande mellom ny Fv60 og Storelva, som ei forlenging av dagens industriareal.

Utviding av industriarealet skjer på eit areal som har middels til liten verdi som naturressurs og naturmiljø, og med liten verdi for friluftsliv i høve til landskap og landskapsbilde. Arealet sør for Fv60 blir «tilbakeført» til LNF-område. Det er lagt inn grøntsoner både langs Storelva og bekken som sikrar verdien av desse områda. Det er sett krav om at uttak av massar berre kan gjennomførast i tida 8-16 på kvardagar. Dette reduserer faren for at naboar og dei som ferdast i – og/ eller langs Storelva og utmarka nær industriareala, blir forstyrra av aktiviteten ved evt. mellombels masseuttak. Det er vidare lagt til rette for opparbeiding av sti/turveg både frå o_V2 og o_V3 som tilkomst til kantsona langs Storelva. Gjennom desse plangrepa vil ein kunne legge til rette for auka etablering av ulike industriverksemder utan store negative verknader.

11 Innkomne innspel, motsegner og merknader

Omfattar innspel etter annonsering av oppstart av planarbeid (2009), samt motsegner og merknader etter 1. gongs utlegging (2015). Innspel og merknader etter 2. gongs utlegging (2020) går fram av saksutgreiinga i samband med eigengodkjenning av planen.

Innspel til planoppstart og forslag til planprogram vart handsama av Planutvalet 14.03.2011 og kommunestyret 24.03.2011. Under er likevel ei oppsummering av innspel med kommentarar knytt til utforming av planforslaget.

1. Statens vegvesen datert 02.03.2009/ 21.08.2015:

Krev at det vert bandlagt korridor på 50 m på kvar side av senterlinja til ny fylkesveg 60 forbi industriområdet, og at kurvatur og avkøyrslar vert utforma i samsvar med vegnormalane. Vegvesenet presiserer at det i samband med detaljplanlegging av FV60 kan vere aktuelt å justere vegtraséen noko i høve til det som er vist i vedteken kommunedelplan for FV60.

Kommentar:

Vegnnormalene er lagt til grunn i utforminga av ny FV60, og det er lagt inn byggegrense på 50 m frå midtlinje veg. Dersom det seinare vert aktuelt å endre litt på denne traséen vil dette truleg kunne skje utan konsekvensar for Raudemel industriområde.

2. NVE, datert 23.04.2009/ 24.08.2015:

Viser til rettleiar 1/2008 om planlegging og utbygging i fareområde langs vassdrag, og seier at det på reguleringsplannivå skal avklarast om det er reell fare for naturhendingar for arealet. Kap. 4 i rettleiaren omtalar nærare kva tryggleiksnivå som bør leggjast til grunn for dei ulike reguleringsføremåla. NVE meiner vidare at den reelle flaumfaren må avklarast før reguleringsplanen vert slutthandsama, og at dei har motsegn til reguleringsplanen på dette punktet. NVE har også motsegn til planen m.o.t. byggjegrænse/ byggjeområde og krev at denne vert trekt så langt sør at toppen av ryggen vert ståande att som ei buffer mot elva, og at sikringstiltak mot flaum og erosjon vert plassert innafor byggjeområde/ gangveg (turveg).

Kommentar:

Det er utarbeidd ROS-analyse og gjennomført vasslinjeberekning – med krav om etablering av flaumvern i 3 avgrensa område. Desse områda er lagt inn som omsynssoner i plankartet med rekkefølgekrev i føresegnene. For å få ønska effekt må flaumvollane etter kommunen si vurdering plasserast i tråd med konsulenten si tilråding. Det inneber at dei i hovudsak blir plassert på areal regulert til lager/ industri og litt inne på areal avsett til turveg

3. Grunneigarlaget på Tomasgard, datert 26.03.2009:

Meiner at reguleringsplanen for Raudemel ikkje bør leggje føringar for linjevalet for ny fylkesveg 60, og konkluderer med at planarbeidet blir utsett til trasèvalet for fylkesvegen er fastsett. Til planskissa har grunneigarlaget følgjande merknader:

- Ved tildeling av tomter må kommunen vurdere både arealbehov og byggjefrist, samt forkjøpsrett for tomter som ikkje vert nytta etter planen.
- Setje støygrenser for aktivitetar på kveldstid, natt og i helgane. Aktivitetane må ikkje føre til ureining av luft eller vatn.
- Etablere tilkomstveg/ sti til friluftsområdet langs elva.
- Masseuttak må ikkje føre til fare, eller vere til ulempe for eksisterande bruk og ferdsel i området.
- På fellesområdet for grunneigarane (i sørvestre del av planområdet) må det, i tillegg til eksisterande bruk, vere høve til å setje opp felles lager/ reiskapshus.

- Inntil det nye industriområdet blir inngjerda (kommunen har gjerdeplikt) ynskjer grunneigarane å kunne bruke området til beite.
- Etablere avkøyrsløse til landbruksareala vest for sekundærstasjonen, samt avkøyrsløse til bnr. 5 på nedsida av den nye fylkesvegtrasèen. Vidare må avkøyrsløsa ved saga oppretthaldast som tilkomst til industriområdet og landbruksareala nord for fylkesvegtrasèen, samt at det må etablerast avkøyrsløse der dei to trasèane kjem i lag igjen.

Kommentar:

Linjevalet for ny fv60 er fastlagt i kommunedelplanen. Byggjefrist med ev. forkjøpsrett m.m. kan ikkje vere tema i planen jf. Pbl §12-7, og bestemmelsar om dette og må evt. takast inn i salsvilkåra for tomtene.

Det er lagt inn føresegn om at drift av evt. mellombels masseuttak og produksjon av ulike typar masser berre skal skje på kvardagar mellom kl. 08.00 og 16.00. Nye verksemder innafor planområdet må etterleve gjeldande krav i lov og forskrifter m.o.t.- luftkvalitet, ureining m.m.

Ny fv60 og internt vegsystem på industriområdet skal prosjekterast og opparbeidast etter gjeldande vegenormalar, og dette vil sikre forsvarleg trafikkavvikling også knytt til evt. mellombels masseuttak.

Det er sikra tilkomst til friområda langs Storelva ved at det er sett av to areal til sti/turveg, o_Tv1 og o_Tv2. Desse er plassert i enden av o_V2 og o_V3.

Det er opna for at det kan etablerast felles lager/reiskapshus på L3, sørvest i planområdet. Realisering av planen er avhengig av avtale med grunneigar og gjerdeplikt m.m. kan vere tema i ein slik avtale. Grunneigar kan nytte området til beiting(eksisterande landbruksverksemd) som før, inntil planen vert realisert. Det er ikkje høve til å inngå nye avtalar eller sette i verk tiltak (pbl. §§20-1 20-2 og 20-3) i strid med vedteken reguleringsplan. Det er også lagt opp til at eksisterande Fv5830 får avkøyrsløse frå ny fv60. Avkøyrsløsa ved saga vert oppretthalde.

4. Sogn og Fjordane fylkeskommune – kulturavdelinga, datert 09.03.2009:

